

Statens vegvesen Konsekvensutgreiing E39 Valsøya- Klettelva

Oppdragsgivar	Statens vegvesen
Oppdrag	Konsekvensutgreiing E39 Valsøya-Klettelva
Rapport type	Delrapport: Kulturminne og Kulturmiljø
Prosjektnr.	11058
Dato	01.12.2011



IKKJE PRISSETTE KONSEKVEN SAR | KULTURMILJØ

Innhald:		side
1	Innleiing	4
1.1	Bakgrunn	4
1.2	Mål for prosjektet	4
1.3	Utgreiingskrav i planprogrammet m.o.t kulturminne og kulturmiljø	4
1.4	Metode	5
1.4.1	Generelt	5
1.4.2	Metodikk	5
1.4.3	Datagrunnlag	5
1.4.4	Verdi	6
1.4.5	Omfang	6
1.4.6	Konsekvens	6
1.5	Dagens vegstandard	7
2	Samandrag	8
3	Kulturminne og kulturmiljø	9
3.1	Kva skal utgreiast	9
3.1.1	Definisjonar	9
3.2	Influensområde	9
3.3	Kjelder over planområdet	10
4	Overordna karakteristiske trekk	11
4.1	Kulturhistorisk samanheng	12
4.1.1	Førhistoria	12
4.1.2	Sjøveg og handelsstadar i middelalderen	14
4.1.3	Fiskenæring	14
4.1.4	Trelasthandel	15
4.1.5	Byane Molde og Lille-Fosen	15
4.1.6	Valsøyfjord og Otnes	15
5	Byggeskikk i området	17
5.1	Bygetradisjonar	17
5.1.1	Tunskipnad	17
5.1.2	Våningshusa	17
5.1.3	Utmark og seterdrift	17
5.1.4	Kyrkjene	18
5.1.5	Båtbyggjartradisjonar og sjøhus	19
5.1.6	Vegbygging	19
5.2	Registreringskategoriar	20
6	Verdi, omfang og konsekvens	21
6.1	Registrerte automatisk freda kulturminne	21
6.1.1	Kletten	22
6.1.2	Henna	22
6.1.3	Kråknes	23
6.1.4	Hennset	24
6.1.5	Otnes	25
6.1.6	Hestnes	25
6.2	Verdivurdering av faste automatisk freda kulturminne	26
6.3	Potensiale for funn av automatisk freda kulturminne	29
6.3.1	Potensiale for funn frå steinalder	29

6.3.2	Potensiale for jordbruksbusetjingar _____	31
6.3.3	Potensiale for spor etter utmarksaktivitetar i jordbrukande tid _____	31
6.3.4	Samanfatning av vurdering av funnpotensiale og vidare granskingar _____	31
6.4	Verdivurdering, omfang og konsekvens _____	35
6.4.1	K1 Steinbru over Klettaelva _____	35
6.4.2	K2 Kulturlandskap Henna _____	37
6.4.3	K3 Steinalderbuplassar Henna (Myrstad) _____	38
6.4.4	K4 Kulturmiljø Kråknes _____	39
6.4.5	K5 Steinalderbuplassar Kråknes (Kongsvollen og Langura) _____	40
6.4.6	K6 Gardstun Krognesebugen _____	41
6.4.7	K7 Kulturmiljø Hennset _____	42
6.4.8	K8 Gardstun Oppistua _____	43
6.4.9	K9 Otnes _____	44
6.4.10	K10 Gardstun Otnes Gbnr. 104/6 _____	45
6.4.11	K11 Gardstun Otnes Gbnr. 104/10 _____	46
6.4.12	K12 Bygningstiljø Hestnessletta, «Klokkargården» _____	47
6.4.13	K13 Gardstun Hestnes Gbnr. 105/1 _____	49
7	Samla konsekvens for tiltaket _____	50

Rapporten er utarbeidd av:

Kulturminnefrå nyare tid
Kvalitetssikring

Nordplan AS
Nordplan AS

Grete Marøy Sellevoll (GMS)
Heidi Hansen

Synfaring vart gjennomført av GMS 7.september 2011.

Automatisk freda kulturminne
Kvalitetssikring

Rådgjevande Arkeologar
Rådgjevande Arkeologar

Ørjan Engedal (ØE)
Oddhild Dokset Engedal

Synfaring vart gjennomført av ØE 18.november 2011.


1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Planlegging av ny parsell på E39 frå Valsøya til Klettelva er ein del av arbeidet med etablering av ein ferjefri og raskare veg frå Kristiansand til Trondheim, kalla Kyststamvegen.

Statens vegvesen har utarbeidd rutevise planar for riksvegnettet – riksvegrote 4 b omfattar E39 Ålesund – Trondheim, Breivika – Klett. Det er under arbeid fleire konseptutvalsutgreiingar (KVU) for ruta og desse er; KVU E39 Skei-Ålesund, KVU E39 Ålesund-Bergsøya, KVU E39 Bergsøya-Liabø og KVU E39 overbyggingsdokument Skei-Liabø. For strekninga Klettelva-Valsøya er det avklart at det kan utarbeidast kommunedelplan for fastsetting av trasèval parallelt med KVU-arbeidet.

Det er i perioden 2014-2019 sett av 400 mill kr i nasjonal transportplan til strekningsvise prosjekt med statleg finansiering for strekninga Betna-Klettelva-Hestneset.



Kommunedelplanen si avgrensing av planområdet.

1.2 Mål for prosjektet

Nasjonale

Målsetning for prosjektet i følgje planprogrammet er at parsellen Valsøya-Klettelva skal inngå i den nasjonale målsetninga om langsiktige utbetringa av E39, nord-sør, som bind saman byane langs heile kysten.

Regionale

Regionale mål er å redusere reisetida mellom fylka Møre og Romsdal og Trøndelag, med vektlegging av forbindelsane mellom Mørebyane Molde, Kristiansund og Trondheim. Viktige moment er:

- Eit meir føreseieleg samband, redusert reisetid særleg for langdistansetransport
- Redusere tal på ulykker og ulykkeskostnad totalt på trafikk på gjennomfartsåra i Halså
- Sikre mot at hjort blir påkjørt for å unngå ulykker med skader både på materiell, dyr og menneske.

Lokale

Avklare arealbruk og avlaste dagens veg, og redusere miljøulempene for naboar til E39.

1.3 Utgreiingskrav i planprogrammet m.o.t kulturminne og kulturmiljø

Tema som skal utgreiast i følgje kommunedelplanen sitt Planprogram :

Automatisk freda kulturminne

Kjente fornminne skal skildrast og kartfestast, og det skal visast kvar ein kan forvente å finne ikke-kjente automatisk freda kulturminne. Konsekvensar av tiltaket og mogelege avbøtande tiltak skal skildrast. Område med potensiale for funn og der ein meiner det er behov for ytterligere undersøkingar på reguleringsplannivå, skal avgrensast på kart.

Arkeologiske undersøkingar i samband med tiltaket (planlegging, framdrift og økonomi) skal vurderast. Vurderingane skal gjerast i samråd med kulturavdelinga hos fylkeskommunen. Kulturminnelova § 9 (undersøkelsesplikt m.m.) vert føresett oppfylt i samband med utarbeiding av reguleringsplan.

Automatisk freda kulturminne skal i utgreiinga sjåast i samanheng med det landskapet/kulturmiljøet det ligg i.

Kulturminne frå nyare tid

Det må lagast ein oversikt over kva bygningar som vert råka av tiltaket (SEFRAK-BYGG). Verdisetting skal gjerast etter følgjande verdiskala: liten, middels og stor verdi. Eventuell vernestatus for kulturminne må også gjerast greie for. Tiltaket sine konsekvensar og moglege avbøtande tiltak skal beskrivast. Dette arbeidet skal gjerast i samråd med kulturavdelinga hos fylkeskommunen.

Kulturlandskap

Den historiske verdien til kulturlandskapet skal omtalast. Dette er landskap som er prega av menneskeleg bruk og verksemd. Tema kulturlandskap vil i hovudsak gå inn som ein del av skildringa av kulturmiljø.

1.4 Metode

1.4.1 Generelt

Statens vegvesen si handbok 140 er brukt som metode for konsekvensutgreiinga. Utgreiinga omfattar **ikkje prissette konsekvensar**. Dei ikkje prissette konsekvensane omfattar 5 fagtema: Landskap/bybilde, nærmiljø og friluftsliv, naturmiljø, kulturmiljø, og naturressursar.

Det er lagt vekt på at kriteria for verdi og omfang skal vere hjelpemiddel for å kome fram til "rett" vurdering, men dei skal alltid supplerast av fagleg grunngjeving. Konsekvensvifta i punkt 1.6 blir brukt til verdivurderingane. Det er berre inngrep i miljø/område med stor verdi som kan få meget stor negativ konsekvens (----).

Influensområdet, dvs område som blir påverka av tiltaket, kan vere større enn sjølve område som tiltaket legg beslag på og vert vist på eigne verdikart for kvart vurderingstema.

1.4.2 Metodikk

Tre omgrep står sentralt når det gjeld vurdering; verdi, omfang og konsekvens.

Verdi – vurdering av kor verdifult eit område eller miljø er.

Omfang – vurdering av kva endringar ein reknar med tiltaket vil medføre for dei ulike miljøa eller områda, og graden av denne endringa.

Konsekvens – avveging mellom fordelar og ulempe tiltaket vil medføre.


Handbok 140 fastset ein del kriterium som skal nyttast for vurdering av verdi, omfang og konsekvens.

1.4.3 Datagrunnlag

Analysen av tema bygg på tidlegare registreingar og relevante kjelder og synfaringar. Område som skal vurderast er satt inn i ein større geografisk samanheng for å få vurdert influensområdet, som ofte er større enn sjølve plan-/tiltaksområdet (for eksempel trekkruiter for vilt).

1.4.4 Verdi

Det blir gjort ei verdivurdering av dei avgrensa miljøa/ områda som blir råka av tiltaket. Verdien blir oppgitt på ein tredelt skala: liten-middels-stor. Vurderingane blir vist på ein figur der verdien er markert med ei pil, slik:




På verdikartet nyttar vi tilrådd fargebruk frå handbok 140.

Anbefalt signatur	RGB-farge	Autocad-farge	Forklaring
			Avgrensning planområde (8 mm strek, 2 mm opphold, 1,4 mm bred)
			Avgrensning av miljø/område (0,5 mm bred)
	255, 255, 255		Ikke kartlagt eller vurdert
	204, 204, 204	253	Vurdert, men antas å være uten betydning for temaet
	255, 215, 0	40	Liten verdi
			Liten til middels verdi (1-2 mm brede striper)
	255, 140, 0	30	Middels verdi
			Middels til stor verdi (1-2 mm brede striper)
	255, 50, 0	20	Stor verdi

1.4.5 Omfang

Omfang er ei vurdering av kva konkrete endringar ein reknar med tiltaket vil medføre. Omfang er vurdert for dei same miljøa som er verdivurdert. Omfang blir vurdert i forhold til 0-alternativet som er dagens veg utan tiltak og vert vurdert på ein femdelt skala; stort negativt – middels negativt – lite/intet – middels positivt – stort positivt.



I linjalen er lite/intet omfang splitta opp for å


kunne lese av om omfanget er på den negative eller positive sida eller lite/intet.

1.4.6 Konsekvens

Med konsekvens er meint dei fordeler og ulempe eit definert tiltak vil medføre i forhold til samanlikningsalternativet, 0-alternativet, som er dagens situasjon.

Konsekvensvurderingar blir markert på ein nidelt skala frå meget stor negativ (----) til meget stor positiv konsekvens (++++). Konsekvensar for eit miljø/område kjem fram ved å samanhalde verdi og omfang .

Konsekvensvifta under er ei matrise som viser konsekvensar ut frå gitt verdi og omfang.



Konsekvensvifte, kjelde SVV handbok 140.

1.5 Dagens vegstandard

E39 frå Valsøya til Klettelva er i dag smal, med krappe kurver og randbebyggelse som gir reduserte fartsgrenser. Dette gir redusert framkome og meirforbruk av tid for gjennomgangstrafikken frå Møre og Romsdal til Trøndelag. Det er ingen gang- og sykkelveg på strekninga. Det er ein del miljøulemper i form av støy og støv.

ÅDT for E39 gjennom Halså ligg mellom 1000-2000. For ferjestrekninga Kanestraum-Halså er ÅDT mellom 500-1000 og for Hennset –Arasvika under 500.

2 Samandrag

Temarapport med konsekvensvurdering av Kulturminne og Kulturmiljø skal ta føre seg ei verdivurdering av kjente automatisk freda kulturminne og kulturminne/kulturlandskap frå nyare tid og ei vurdering av kva konsekvensar tiltaket kan ha for desse. I eit regional eller nasjonalt perspektiv har tiltaka samla sett ingen eller liten konsekvens for Kulturmiljø i planområdet. I eit lokalt perspektiv bør ein vurdere avbøtande tiltak for område der tiltaket har middels negativ konsekvens for Kulturminne/Kulturmiljø.

Det er ikkje gjort ei samla verdivurdering i Halså kommune for kulturminne frå nyare tid. Vår verdi-vurdering på desse kulturminna er gjort ut ifrå eit lokalt perspektiv, med utgangspunkt i ulike historiske kjelder, SEFRAK-opplysningar og visuell observasjon på synfaring.

Dagens Alternativ 0 er ein gamal ferdssveg og mange av hovudbruka langs vegen er av eldre dato. Steinkvelvsbrua over Klettelva er eit viktig kulturminne knytt til veghistoria. Det er få heilskapelege gardstun med høg grad av autensitet, men enkeltbygningar som i følgje SEFRAK-opplysningar kan vere frå 1600-1700-talet. Garden Henna har ei viktig kulturhistorie i eit regionalt perspektiv, då den hadde eit av dei større sagbruka i regionen på 16-1700-talet. Mange registrerte kulturminne innover Hennadalen vitnar også om stor aktivitet i utmarksområde og seterområde. Bygdesenteret Otnes vaks fram på 1800-talet, med kyrkje, landhandel og dampskipskai. Bygningstiljøet kring Otnesbukta har regional verdi og delar av dette kulturmiljøet er regulert til bevaring.

Det er registrert 8 førreformatiske, faste kulturminne i planområdet. To av dei er gravrøyser frå bronse-/jernalder, fem av dei er buplassar frå steinalder. Kulturminna er i varierende grad skadde eller fjerna av moderne aktivitetar. I tillegg er det gjort mange lausfunn innanfor planområdet. Funnstadane fordeler seg langs heile fjordlinja, i sona mellom fjord og utmark. Dei registrerte kulturminna tilseier at heile planområdet har hatt busetjing langt attende i tid og potensialet for funn av automatisk freda kulturminne er klårt til stades. Dette kan vere:

- Buplassar/aktivitetsplassar frå steinalder knytte til samtidige strandliner.
- Buplassar/dyrkingsspor frå jordbrukande tid
- Utmarksaktivitetar frå jordbrukande tid

Mange av kulturmiljøa ligg mellom eksisterande veglinje – Alternativ 0 – og sjøen. Dei alterantive tiltaka for nye veglinjer vil såleis ligge i randsona av kulturmiljøa, eller heilt tilbaketrekt frå dei. Det er difor få registrerte kulturminne som er i direkte konflikt med tiltaka, men tiltaka kan verke inn på opplevinga av kulturminna som del av eit heilskapeleg kulturlandskap/kulturmiljø. Vi har vurdert tiltaket til å ha middels negativ konsekvens for kulturmiljøa; K1 Steinkvelvsbru Klettelva, K2 Kulturmiljø Henna, K5 Steinalderbuplassar Kråknes (Granly), K6 Gardstun Krogneshugen (Kråknes). I tillegg er sveitserbustad «Klokkargården» teke med, då denne truleg må rivast.



Oversiktskart som viser kulturmiljø der tiltaket har middels negativ konsekvens.

3.3 Kjelder over planområdet

Det er ikkje utarbeida spesielle kulturminnerapportar for kulturminne eller kulturmiljø i Halså kommune. Det er utført SEFRÅK-registreringar, men desse registreringane er ikkje blitt verdivurdert i ein større samanheng. Alder på bygningar som er oppgitt i denne rapporten er opplysningar henta frå SEFRÅK-registreringane.

Aktuelle reguleringsplanar i området, der kulturminne inngår som ein viktig del av planen er «Reguleringsplan for Otnesbukta» (1994), der store delar av bygningsmiljøet er regulert til bevaring.

Det har ikkje vore gjort registreringar av automatisk freda kulturminne for Økonomisk Kartverk i Halså kommune. Fylkeskommunen har utarbeidd ein rapport for å bøte på dette, *Fornminne i Halså kommune. Foreløpig rapport om faste og lause fornminne* (Ringstad 1995). Trass denne finst framleis ikkje noko komplett oversyn over faste fornminne i Halså kommune. Masteroppgåva til Kjell André Brevik om lause kulturminne i delar av Halså, mellom anna planområdet, er ei særskild viktig kjelde for dei eldre periodane av førhistoria.

Det er nytta ein del datakjelder for å få kunnskap om kommunen og regionen, og elles for å setje området inn i ein større historisk samanheng. Av datakjelder kan nemnast Askeladden, ulike kartbasar som GISLink, Kystinfo KART frå Kystverket, Gårdskart (Skogoglandskap), nettsider for Halså kommune, Geitbåtmuseet, Nordmøre museum., www.nordmore.museum.no, Universitetsmusea sin tilvekstdatabase for arkeologiske gjenstandar: www.unimus.no. m.v.

Det er nytta diverse bokkjelder for å få innblikk i og skildre den generelle kulturhistoriske bakgrunnen for området, bl.a. «Kjenn ditt land – Nordmøre og Kristiansund» (1925), «Bygd og by i Norge - Møre og Romsdal»(1977), «Vegvalg – Nasjonal verneplan, Veger – Bruer – Vegrelaterte kulturminner»(2002) .

4 Overordna karakteristiske trekk



Oversiktskart Klettelva til Valsøfjorden, med registrerte bygningar eldre enn år 1900 (SEFRAK-registreringar)

Området frå Klettaelva til Valsøya er eit småkupert landskap, der veggen og bebyggelsen følgjer landskapet langs fjorden. Området ligg nordvendt, med fleire markerte nes som stikk ut i fjordlandskapet; Kråknes, Hennset, Otnes og Hestnes. Jordbruk og fiske har vore viktig næringsveg. Furuskogbeltet over innmarksområdet har vore nytta til aktiv skogsdrift og som utmarksbeite. Mellom Hennadalen og Hestnesdalen til Englivatnet ligg ei markert fjellrekke med småtoppar på 600-700 moh. Seterområda for gardane ligg i hovudsak inn Hennadalen og ved Englivatnet. Spesielt i Hennadalen vitnar alle dei registrerte høyløene at det har vore aktiv slått på seterområda også.

Området langs eksisterande vegtrasè, som i stor grad følgjer den gamle bygdevegen som var etablert som køyreveg på 1800-talet, er prega av tradisjonell landbruksbebyggelse, med noko nyare bygningsfortetting av bustadar, mindre bustadområde, frådeltte hytter og hytteområde og noko mindre industri/næringsareal.

Området har fleire registrerte fornminne. I kulturminnedatabasen til Riksantikvaren er det gjort funn av Gravminne frå bronsealder/jernalder både på Kråkneset og Hennset. I tillegg er det gjort ein del lausfunn i same område og lausfunn på Otnes. Når ein kjem over på Kjøløya og Valsøya (utanfor Planområdet) er det også fleire gravminne, men også funn frå bosetning frå steinalder.

Dei eldre bygningsmiljøa er gardstun med våningshus og fjøs. Nokre få stabbur er registrert. Elles er det mange naust og sjøhus med autentisk karakter som framstår i heilskapeleg miljø. Dei fleste gardstuna er framleis i aktiv bruk og mange våningshus ber difor preg av ombygging, tilbygg og modernisering. Av større samanhengande bygningsmiljø skil Otnes seg ut som heilskapeleg kulturmiljø.

4.1 Kulturhistorisk samanheng

4.1.1 Førhistoria

Ved slutten av siste istid låg Halsa under den store isbreen, pressa ned av dei store massane. Når breane så smelta i raskt tempo sette smeltinga i gang ei rekkje prosessar: alt smeltevannet gjorde til at havnivået steig, og landmassane heva seg straks dei vart kvitt vekta av breen. Langs den nye isfrie kysten kom så snart vegetasjon, så kom pattedyra og deretter dei fyrste menneska.

Dei første spora etter desse første menneska i Norge, funn av tre små flintar, vart funne på Nordmøre, nærare bestemt ved Vollvatnet ved Kristiansund i 1909. Fosnakulturen vart denne eldste fasen kalla, etter første funnstaden, frå “Lille-Fosen”, som er det gamle namnet på Kristiansund. Det var geolog Anders Nummedal som sto bak gjennombrøtet. Han kartla kappløpet mellom sjø og landheving i etterdønningane etter istida, og leitte etter buplassar på førhistoriske strandliner – i dag langt oppe på tørt land. Meir enn hundre års forskning på Fosnakulturen eller tidlegmesolitikum, den eldste steinalderen, har gjeve oss eit klårare bilete av perioden.

Halsa kommune ligg midt i eit av kjerneområda for pionerbusetjinga – eit område som strekkjer seg frå nordlege delar av Sunnmøre i sør til og med Fosenhalvøya i nord. Dei siste tiåra har fleire store utgravingsprosjekt kasta nytt lys over den eldste steinalderen i regionen: Nyhamna på Gossen, Aukra k., Hestvikholmane, Aure k., Kvernberget, Kristiansund k. og Tjeldbergodden, Averøy k. I tillegg har ein fått påvist fleire lokalitetar i innlandet, t.d. lokalitetane Brannhaugen og Gjevilvatn i Trollheimen og Reinsvatn i Sunndalsfjella. Funnstadene er likevel sterkt konsentrert til ytre kyststrok og er i all hovudsak lokalisert tett ved den tids strandline. Dette indikerer at det var marine fangstsamfunn, komfortable med båt, kyst og hav som folkesette norskekysten. Eit aukande tal buplassar og fangstplassar i fjellstroka innanfor viser at fjordane truleg vart brukte som ferdslårer, og at jakta på reinen i høgfjellet også var sentral for kystfolket. Det som framleis er uvisst er i kva grad her finst spor etter Fosnakulturen i landskapsona mellom ytterkyst og høgfjell, dvs. midtre og indre fjordstrok. Planområdet på sørsida av Arasvikfjorden kan seiast å ligge i denne mellomsonen, men grensande til den ytre sonen (jf. Fig.1).




Fig. 1. Nyare granskingar av lokalitetar frå Fosnakulturen (tidlegmesolitikum). Planområdet som svart rektangel. Rådgjevande Arkeologar. Bakgrunnskart: NGU, Arealis.

I løpet av den eldre steinalderen endrar biletet seg ved at buplassane vert større med mektige kulturlagavsetjingar som vitnar om lengre opphald på same staden. Buplassane finst no i fleire landskapssonar, gjerne konsentrert til fiskerike straumar, sund og munningar langs innerkysten og i fjordane. Sett bort frå fangstplassane i fjellet er buplassane framleis strandbundne. I mellom- og seinmesolitikum ligg Halså sentralt i ei sone med særskilt mange funn av hakker og køller i kleberstein, frå Averøya til Trondheimsfjorden (Skår 2003; Engedal 2010: Map 4). Tre slike er også funne i planområdet.

I den yngre steinalderen er regionen innanfor det såkalla skiferkomplekset, karakterisert av pil- og spydspissar, knivar og dolkar i slipt skifer. Dette reiskapsinventaret vert ofte tolka i retning av at desse samfunna livnærte seg på fangst av sjøpattedyr som sel og småkval, i tillegg til fiske og jakt på landpattedyr. Den tilsynelatande mangelen på bergartsøkser mellom Averøya og Rana i Nordland har og vorte tolka som at skinnbåten, heller enn den uthola stokkebåten, var basis i denne regionen (Engedal 2006). Andre funn viser også at regionen no har nære kontaktar over fjellet til folk innanfor den såkalla Traktbegerkulturen på Austlandet. Slike importfunn aukar utover i den yngre steinalderen (mellomneolitikum) og regionen har påfallande mange økser karakteristisk for den såkalla Stridsøkskulturen/Svensk-Norsk båtøkskultur, samanlikna med kysten sør for Romsdalsfjorden.

(Engedal 2010: Map 5-6). Dette tydar på at kontaktflata her i stor grad gjekk austover og nordover. Langveges importfunn aukar drastisk i slutten av steinalderen (seinneolitikum) med mange funn av flintdolkar, -økser og -sigdar produserte i Jylland. Sjølv om nokre av desse også kan ha komme over fjellet frå aust, viser denne funnspreiinga at kystleia og kontakten sørover no er meir dominerande.




Fig. 2. Tidstavle: dei vanlegaste periodenamna, forkortingar og tidfesting i vanlege kalendarår og C-14 år.

Introduksjonen av jordbruk er eit særst aktuelt spørsmål i denne regionen. *Når* har konsekvensar for tolking av samfunn og kulturhistorie, og det har konsekvensar for kvar ein kan forvente å finne kulturminne i landskapet. Importfunna frå Romsdal og Nordmøre viser at desse gruppene truleg hadde kontakt med jordbrukarar i aust allereie frå 4000 f.Kr., byrjinga av yngre steinalder. Forskingstatus på dette feltet er no følgjande: det er mange sterke indisje på korndyrking og husdyrhald frå 2700 f.Kr. (sist i mellomneolitikum), men dei fyrste “prova” på dette dukkar opp frå 2300 f.Kr. (seinneolitikum). Dette er også konklusjonen etter dei store granskingane på Nyhamna på Gossen, Aukra k. (Brevik 2010: 10ff.; Åstveit 2008b: 594).

Siste del av steinalderen (seinneolitikum) er då mest truleg å rekne som jordbrukande tid også i Halså, med ei mengd nye potensielle kulturminne: fossile åkerlag, pløyespor, stolpehol etter langhus, spor etter gjerde og innhegningar av tre og stein m.m. Desse spora er då gjerne lokalisert i høve til åkerjord og beiteland heller enn strand og fiskeplassar. Eit anna aktuelt spørsmål er om to eller fleire ulike etniske grupper med ulik økonomi opererte i området – dvs. om det eksisterte grupper som framleis hadde hovudfokus på jakt, fiske og fangst. I såfall kan strandbundne buplassar finnast vidare opp i bronsealder, nærmare dagens strandliner.

Bronsealderen i området er, som slutten av steinalderen, først og fremst kjend gjennom lausfunne gjenstandar. Men nye utgravingsmetodar, ff. *maskinell flateavdekking*, dei siste 20-30 åra er i ferd me å gje nytt innsyn i jordbrukande tid av førhistoria – helst på dagens dyrkamark. Ved denne framgangsmåten vert all matjord fjerna med gravemaskin, og alle nedgravningar frå førhistoria som sette spor i undergrunnsmassane vert synlege: stolpehol, eldstader, pløyespor m.m. Få slike utgravningar er gjort i området. Området har derimot ei rekkje interessante lausfunn frå bronsealderen. Heile 2 av totalt 6 store, tunge bronseøkser (Fårdrupøkser) er funne i regionen. Desse er frå Viset i Sunndal k. og Hofset i Hemne k. Øksane viser at kystfolket hadde ressursar til å skaffe seg store mengder metall, truleg frå Sverige, og til å delta i overregionale langdistanse nettverk i byrjinga av bronsealderen (Engedal 2010). Buplassane til desse menneska er framleis ukjende og finst mest truleg på dagens dyrka mark.

Byrjinga på jernalderen er i Nordmøre som elles i landet relativt ukjend. Eit unntak er gravfeltet på Nes i Sunndal k. I løpet av eldre jernalder veks også på Nordmøre fram mektige slektsgrupper som markerte sin status med store gravhaugar og –røyser med rikt utstyrte graver. Denne utviklinga held fram i yngre jernalder, til kristninga forbyr dei heidenske gravrituala frå 1000 e.Kr. Grunnlaget for maktkonsentrasjonar på Nordmøre var mellom anna framstilling av jern og villreinfangst i store fangstanlegg i Trollheimen og Sunndalsfjella.

4.1.2 Sjøveg og handelsstadar i middelalderen

I middelalderen var kaupangen Nidaros, med erkebispesete, eit tyngdepunkt i Norge. Bergen fekk bystatus på slutten av 1000-talet og hadde både bispesete for Vestlandet og kongsgård og utvikla seg til ein sentral handelsby. Mellom desse to byane vart det etablert to kaupanger; Borgundkaupangen på Sunnmøre og Veøykaupangen i Romsdal. Veøy, som tyder «den heilaga øy», har truleg vore kultstad i førkristen tid og kan også ha vore tingstad.

Både på Dragseidet og kavleveien over Tiltreidet til Tingvollfjorden, vart båtane drege over eidet for å unngå segling forbi dei urolege havstykkane ved Stad og Hustadvika. Frå Tingvollfjorden har leia mest truleg gått innover Arasvikfjorden og vidare nord Aursundet, for så å følge Trondheimsleia til Nidaros. Kavleveien over Tiltreidet gjekk truleg ut av bruk kring 1350. Den indre skipsleia gjekk framleis inn Arasvikfjorden, eller på nordsida av øyane i Aure; Edøyfjorden, Talgsjøen og inn Freifjorden. I Arasvikfjorden er buktene aust for Kråkneset og Otnes registrert som ankringshavner på sjøkart og kan og ha vore nytta som havner langt attende i tid.

4.1.3 Fiskerier

På slutten av middelalderen vaks fiskeria som viktig næringsveg, og fiskeværa langs kysten vart dei nye tettstadane. Bud i Romsdal vaks fram som det nye handelssentrumet i regionen,

også som ei naturleg ventehamn før havstykket Hustadvika. Mange bønder kom frå gardane lenger inne i fjordane for å vere med på sesongfiske ute i fiskeværa. Langs skipsleia vaks det og fram mange handels- og gjestgjevarstadar.

Ein fiskemetode som har vore viktig i området er fiske med laksevorpe. Retten til å fiske laks ved kysten er nedfelt i dei eldste lovene, på linje med jakt og annan fangst. Vorpefiske er ein gamal fiskemetode som kan førast tilbake til 1400-tallet. Av to laksevorpe som ein finn på kartgrunnet langs strandlinja i planområdet har vi Kråkenes (Kråknes) laksevorpe (Gbnr. 102/1) og Kane laksevorpe (Gbnr. 108/1). Laksevorpene hadde stor økonomisk betydning for bøndene som ei ekstra inntektskjelde. Kråknes laksevorpe vart tidlegare rekna som ei av dei beste laksevorpene på Nordmøre. Huset på land, ved sida av laksevorpa, vart brukt til overnatting og matlaging. Her kunne det bo ein familie på 5 heile sommaren.



Kråknes laksevorpe med bustadhus frå 1500-talet (etter-reformatorisk). Foto: GMS

4.1.4 Trelasthandel

På slutten av 1500-talet kom ein ny og viktig næringsveg i gang; trelasthandel. Europa, og spesielt hollendarane, hadde eit stort behov for tømmer og trelast og dette gav grunnlag for tømmerhogst og sagbruksverksemdar. I Møre og Romsdal var det Nordmøre som hadde mest skog og oppgangssagene og utskipingshavnene låg tett langs fjordarmene. Tidleg på 1600-talet dreiv brukaren på Henna stordrift av trelast frå eiga sag, denne på ha stått i området ved Hennaelva.

4.1.5 Byane Molde og Lille-Fosen

Trelasthandelen vart styrt av utlendingar som fekk borgarbrev og etablerte nye ladestadar der handelen vart styrt frå. Molde vart ladestad i 1614 og Lille-Fosen (Kristiansund) i 1631. Frå midten av 1600-talet var mykje av skogen uthogd og trelasthandelen avtok. I staden vart fiskehandelen ein viktig næringsveg for desse byane, som begge fekk bystatus i 1742. Kristiansund spesialiserte seg på klippfiskproduksjon og skipsfart, Molde fortsette byveksten som administrasjonsby for Romsdal amt.

4.1.6 Valsøyfjord og Otnes

Arasvikfjorden var framleis viktig som del av den indre skipsleia og Otnes hadde god hamn og utvikla seg som bygdesenter for Valsøyfjord. Her vart det bygd kyrkje i 1864 og det kom dampskipsanløp i 1860-åra. Valsøyfjord høyrde tidlegare til Aure kommune, nord for

Arasvikfjorden, men vart utskilt som eigen kommune i 1894. Valsøyfjord kommune vart ein del av Halså kommune i 1965.



Otnes vaks fram som bygdesentrum for Valsøyfjord på 1800-talet. Bilde er teke frå Hestnes. Foto:GMS

5 Byggeskikk i området

5.1 Byggetradisjonar

Eit karakteristisk trekk ved byggeskikken i Møre og Romsdal er at her går eit skille mellom dei gamle byggetradisjonane lafteteknikk og stavverk (det vestnorske grindverket). Dette skillet går i hovudsak mellom Sunnmøre og Romsdal. Lafteteknikken vart etter kvart teken meir i bruk også sørover på Vestlandet til våningshus og buer, men her vart framleis lører, naust og andre uthus bygd i grindverk.

5.1.1 Tunskipnad

Også når det gjeld tunskipnaden er det eit karakteristisk trekk at Møre og Romsdal ligg i overgangen mellom tuntypene; klyngetunet og firkanttunet. Klyngetunet var rådande på Vestlandet og opp til Sunnmøre heilt fram til dei store utskiftingane, som starta etter midten av 1850-talet. Dette var og ei tid for store endringar i samfunnet, med industrialisering og folkevekst. Rekketunet var vanleg i størstedelen av Romsdal og Nordmøre. Desse tuna er meir regelmessig organisert enn klyngetunet, med bygningane plassert i ei eller fleire rekker, ofte med uthus og innhus i kvar si rekke. I indre delar av Romsdal og i Trøndelag finn ein det meir tette og samanbygde firkanttunet.

Eit slikt rekketun stod på Rognskog i Halså. Framleis står nokre av bygningane igjen, desse er freda etter Kulturminnelova.

5.1.2 Våningshusa

Dei lafta våningshusa fekk og ulik utviklingstrekk, med skille mellom Sunnmøre og Romsdal/Nordmøre. På Sunnmøre utvikla bustadhusa seg i lengda, med fleire samansette stover. På Nordmøre vart byggeskikken sterkt påverka av våningshusa i Trøndelag, der bustadhusa vart bygd i to fulle etasjer –såkalla «Trønderlån». Karakteristiske fasadetrekk er at vindua er konsekvent plassert over kvarandre, ofte parvis.



Våningshus i Empirestil: Otnes, Gbnr. 104/10, tidleg 1800-tal og Henden, Gbnr.100/5, midten av 1700-talet. Foto: GMS

5.1.3 Utmark og seterdrift

Utmarksområda har vore i aktiv bruk, både når det gjeld beite, skogsdrift og seterhald. På Hennasetra er det registrert både fjøs, seterhus og høyløe og vidare innover dalen finn ein mange ruinar etter høyløer. Inst i dalen, Trollaldalen» ligg Innersetra under garden Henden. Frå Innersetra går det ein dal – Tverrdalen – austover til Otnesettra og Hestnesettra, som ligg på vestsida av Englivatnet. Utmarka med seterområde i desse dalområda er oppdelt i teigar til ca. 400 m.o.h. I området som ligg litt nærmare gardsbruka ved sjøen, for eksempel ved Storhaugen litt innover Hennadalen, er det ruinar etter sommarfjøs. Dette vitnar om at utmarka har vore eit viktig ressursgrunnlag for gardane. Dei gamle setervegane og nærleik mellom setrane i det småkuperte landskapet, har truleg gjort det relativt enkelt å etablere ferdselsveggar og sti-nettverk mellom seterområda og tilhøyrande gardar og bygder.



Gamal ferdselsveg/seterveg frå Rydningen/Henna mot Hennadalen. Foto: GMS

5.1.4 Kyrkjene

Dei eldste kyrkjene – stavkyrkjene og steinkyrkjene – var ein del av maktsymbola til kyrkje og stat. Etter reformasjonen vart kyrkjene tappa for kunstskattar og storfolk var ikkje lenger interessert i å halde på kyrkjene. Mange kyrkjes hus vart solgt og av og til finn vi att tømmer frå gamle kyrkje i andre bygningar på gardshusa. På 1600-talet vart det ei ny åndeleg fornying, med ny lærdom og fleire prestar med betre utdanning frå København. På 17-1800-talet vart mange av dei attverande stavkyrkjene erstatta av nye og større kyrkjer og det vart bygd fleire nye kyrkjer.

Tingvoll har truleg vore gamal tingstad og kongssete. Under Harald Hårfagre budde Nordmørskongen Hunthjov her. Både Nordmørskongen og andre småkongar kjempa mot Harald Hårfagre, blant anna var det fleire som fall under eit slag ved Solskjel, like nord for Tustna og Stablandet. Medan dei fleste fylkeskyrkjer og soknekyrkjer vart bygd i tre vart det på Tingvoll bygd ei steinkyrkje, ca. år 1180. Slike kostbare steinkyrkjer vart berre på sentrale stadar langs leia, der einskildmenn eller bønder kollektivt hadde råd til det. Steinkyrkja på Tingvoll vart bygd av stormannen «Gunnar» og er bygd både som gudshus og festning.

I 1732 vart Halså kyrkje bygd. Truleg har det vore kyrkje på staden før, i alle fall er kyrkjegarden listeført som kyrkjestad frå Middelalder. Valsøyfjord kyrkje (Otnes) vart bygd i 1864. Denne kyrkja er listeført som verneverdig og ein må difor ha spesiell merksemd på kyrkja og omgjevnadane kring denne.



Valsøyfjord (Otnes) kyrkje, bygd 1864. Foto: GMS

5.1.5 Båtbyggjartradisjonar og sjøhus

Geitbåten, eller Nordmørsbåten som den også vert kalla, er ein gamal båttype som har vore meir eller mindre uforandra sidan 1500-talet. Ein har to typar; "Søfjordingen", som var vanleg frå Romsdalskysten i sør til Smøla, Tustna og Halså i nord, og ein nordleg type "Aurgjeldsbåten" som vart bygd i Aure prestegjeld. Geitbåten vart bygd i ulike storleikar og til ulik bruk; frå den minste færing til store fraktefarar.

Geitbåtmuseet i Halså er eit dokumentasjons- og kunnskapssenter om geitbåten. I det gamle Tresliperiet på Enge i Valsøyfjorden har museet ei stor samling geitbåtar og båtbyggjarverktøy. I tillegg har museet avdeling på Otnesbryggja, Aresvikbryggja, samt ei naustgruppe på Taknes, der en kan sjå geitbåtar og utstyr oppbevart i opprinneleg miljø. Geitbåtmuseet er ein underinstitusjon ved Nordmøre museum.

Lokalt fiske har vore ein viktig del av naturalhushaldet, i tillegg til gardsdrifta. Difor finn ein mange naust og sjøhus langs fjorden.



Naustmiljø Otnes (naust frå 1700-talet) og Hennset (ikkje registrert i SEFRÅK-registreringane). Foto: GMS


5.1.6 Vegbygging

Sjølv om sjøvegen har vore ein viktig ferdselsveg langs norskekysten, har det alltid vore ferdselsårer på land mellom buplassar, jaktområde, handelsstadar og tingstadar. Dei tidlegaste vegane i middelalder var stiar, ride- og kløvvegar. Bøndene hadde plikt til å vedlikehalde desse vegane og det var lensherrane og deira fogdar som førte oppsyn med vegarbeidet.

Dei første køyrvegane for hest og kjerre kom på 1600-talet. Gruvedrift, postvesen og eit aukande tal embetsmenn på reise, gjorde at krava til kjørbare vegar auka. Tidlegare ridevegar vart bygd om til kjørevegar og spesielt «kongevegane», seinare kalla hovedvegar, mellom Oslo-Trondheim og Oslo – Bergen vart utbetra. Vegbygging vart delt inn i hovedvegar og bygdevegar.

Den Trondhjemske postvei, hovedveg mellom Bergen – Trondheim, vart etablert i 1785 og batt saman dei indre fjordbygdene opp langs Vestlandskysten. Industrialiseringa som starta på midten av 1850-talet stilte krav til betre vegar, men også høgare kompetanse til vegbygginga. I ei ny veglov i 1850 vart bygging av bygdevegar eit ansvar for herredskommunane, medan staten, representert ved amtmennene hadde ansvar for hovedvegane.

Valsøyfjord har lege sentralt langs den indre skipsleia langt attende i tid, og sjøvegen har vore den viktigaste ferdselsvegen langt inn på 1900-talet, både her og for heile Vestlandet. Den første «hovudvegen» gjennom fylket – Den trondhjemske postvei – gjekk sør for Halså/Valsøyfjord; frå Molde – Tingvoll – Kvanne – Surnadal og vidare til Trondheim.



Utsnitt av :
«Kart over Norges hovedveie 1830».
Dette viser Molde og Kristiansund knytt
saman med «Den Trondhjemske
Postvei», som var hovedveg mellom
Bergen og Trondheim.

Dei historiske amtskarta viser at Valsøyfjord hadde eit godt utbygd bygdevegnett på slutten av 1800-talet, med veg frå botnen i Valsøyfjord til Liabøen og vidare sørover til Settem i Bøfjorden. Frå Settem kunne ein komme med båt til Kvanne og koble seg på Den Trondhjemske Postvei.



Historisk amtskart frå slutten av 1800-
talet, med bygdeveggar som knytte
grendene saman., Kartet er frå perioden
då Valsøyfjord hørde til Aure
kommune.

5.2 Registreringskategoriar

I samband med denne konsekvensvurderinga vert kulturmiljøa delt inn i følgjande kategoriar:

KULTURMILJØ:

- Automatisk freda kulturminne
- Kulturlandskap
- Gardstun
- Tettstadsmiljø (bygdesentrum)
- Samferdsle

6 Verdi, omfang og konsekvens

Verdivurderinga skildrar utvalde kulturmiljø i dagens situasjon – Alterantiv 0.

Omfang er eit uttrykk for kor store negative eller positive endringar det aktuelle tiltaket (alternativet) vil medføre for det enkelte område.

Konsekvens er fordelar og ulemper eit tiltak vil medføre i høve alternativ 0.

Avbøtande tiltak er berre beskrive der det er aktuelt.

Mange av kulturmiljøa inneheld kulturminne med stor tidsdjupne; frå eldre fornminne til bygningsmiljø frå nyare tid. Desse vert skildra som eit samla heilskapelege kulturmiljø. Verdiskalaen vert delt inn i tre; liten, middels og stor verdi. Verdiskalaen er i hovudsak ut ifrå eit lokalt perspektiv. Der kulturminna vert vurdert som viktige i ein større regional eller nasjonal samanheng, vert dette nemnt spesielt.

Registreringskategoriane som er valt dannar utgangspunkt for å dele dei områda som vert berørt av tiltaket inn i mindre kulturmiljø. Inndeling av definerte område i planområdet:

Kulturmiljø:	K1	Steinbru over Klettaelva
	K2	Kulturlandskap Henna
	K3	Steinalderbuplassar Henna (Myrstad)
	K4	Kulturmiljø Kråknes
	K5	Steinalderbuplassar Kråknes (Granly)
	K6	Gardstun Krogneshugen
	K7	Kulturmiljø Hennset
	K8	Gardstun Oppistuå, Hennset
	K9	Kulturmiljø Otnes
	K10	Gardstun Otnes Gbnr. 104/6
	K11	Gardstun Otnes Gbnr. 104/10
	K12	Bustadområde «Klokkargarden»
	K13	Gardstun Hestnes

6.1 Registrerte automatisk freda kulturminne

Det finst 8 førreformatiske, faste kulturminne i planområdet. Vernestatusen til alle desse treng nærare drøfting. To av dei er gravrøyser frå bronse-/jernalder, begge sterkt skadde/fjerna. I kulturminnedatabasen Askeladden er desse rekna som tapte kulturminne med uavklart vernestatus. Fem av dei er buplassar frå steinalder, ikkje synlege på overflata, og i varierende grad skadde av moderne aktivitetar. Ingen av desse fem har status i Askeladden som faste fornminne (Arkeologisk lokalitet, funnstad, vernestatus uavklart).

Lause kulturminne, t.d. gjenstandsfunn frå steinalder, kjem ofte for dagen gjennom andre aktivitetar enn arkeologiske utgravingar. Dette kan vere pløying av åker og anleggsarbeid av ulik art. Praxis varierar frå landsdelsmuseum til landsdelsmuseum og frå fylke til fylke, når det gjeld registrering av slike funn i kulturminnedatabasen Askeladden. I tillegg er det ei vurderingssak når funnet er eit lausfunn utan kjend kontekst, og når funnet kan reknast å ha ein kontekst. Typisk vert eitt eller nokre få funn av reiskapar frå steinalder på ein stad rekna som lausfunn. Om desse funna er fleire, og har komme for dagen i same området over lang tid, vert mistanken stor om at desse skriv seg frå ein buplass. Lokaliteten kan då registrerast som eit fast, ikkje-synleg, automatisk freda kulturminne i Askeladden. Denne problemstillinga er særskild relevant i planområdet. Her har ei rekkje lause kulturminne frå steinalder komme for dagen, samla inn av grunneigarar, skuleelevar og andre. I eitt tilfelle er det gjort arkeologiske prøvegranskningar. Ut frå vurderingar av desse funna, landskapet, og rådføring med relevant faglitteratur (Brevik 2010), er seks lokalitetar rekna til kategorien kjende, faste, ikkje-synlege og automatisk freda kulturminne frå steinalder (steinalderbuplassar). Vidare kjem to gravrøyser frå same kategorien frå bronsealder/jernalder, sidan begge er sterkt skadde/fjerna. I tillegg er det gjort ei rekkje gjenstandsfunn, nokre leverte til museum andre ikkje. Desse er

rekna som *funnstader for lause kulturminne*. Til sist har ein nokre gjenstandsfunn utan nærare informasjon om funnstad enn *gard* eller *bruk*. Desse er følgjeleg ikkje kartfesta. Nedanfor er ein gardsvis gjennomgang av fornminna, frå vest til aust på gardane: Kletten, Henna, Hennset, Otnes og Hestnes. Dei som er rekna som faste kulturminne er koda *FK 1-8*, funnstader er koda *F 1-F 11* (jf. Fig. 15-17).

6.1.1 Kletten

F 1: Kletten gnr. 42/11. Funnstad for jernslag. Stykket vart plukka opp under synfaring november 2011, i ein grusvoll rett over eksisterande E 39, tett aust for Klettelva.



Fig. 3. Funnstad for slag, rett aust for Klettelva, E39 i bakgrunnen, mot nordaust. Foto: ØE.



Fig. 4. Slagg. Foto: ØE.

F 2: Kletten gnr. 41/1. Funnstad for oval bergartskølle med skafthol (T 15326). Truleg funne i ei åkerflate. I denne åkeren er sidan 70-åra observert flintfunn (ikkje oppsamla). Lokaliteten ligg 75-80 moh. (ASK ID 149244; Brevik 2010: 62f.).

6.1.2 Henna

F 3: Henna, gnr. 100/3. Funnstad for to slipte trinnøkser, staden markert med dagens transformatorstasjon (Nettstasjon 230 Henna) tett ved Hennaelva. Øksene er i privat eige og finst såleis ikkje tilvekstdatabasen. Funnstaden ligg 25 moh. Vernestatus: uavklart (ASK ID 149310, Brevik 2010: 34ff., 90f.).



Fig. 5. Funnstad for trinnøkser ved Hennaelva, mot nordaust. Foto: ØE.



Fig. 6. Den lågaste av dei to buplassane i bakkane bak husa på Myrstad, Henna. Funnstad for hakke ved vegen til høgre. Foto: ØE

F 4: Henna, gnr. 100/3. Funnstad for fragment av skaftholhake. Funne på overflata tett ved naust, truleg flytta i moderne tid (redeponert). Hakka er i privat eige, finst såleis ikkje i tilvekstdatabasen, og er heller ikkje registrert i Askeladden. Funnstaden ligg 3 moh. (Brevik 2010: 29f., 87).

F 5: Henna gnr. 100/18. Funnstad for krossforma skaftholhake og flint på bruket Myrstad. Mogleg buplass. Hakka er i privat eige og finst såleis ikkje i tilvekstdatabasen, flintfunnet har koden T 17603. Avstanden mellom funnstadene er 5-10m, høgda over havet er 30-35 moh. (ASK ID 25292).



Fig. 7. Funn frå Myrstad. Foto: Ole Pedersen, Vitenskapsmuseet.

FK 1: Henna gnr. 100/18. Sannsynleg steinalderbuplass, påvist ved funn av reiskap/avslag i flint, kvart og bergkrystall. Funna er i privat eige, og er ikkje registrert verken i tilvekstkatalog eller Askeladden. Funna er samanblanda med funna frå lokaliteten lenger sør. Lokaliteten ligg på 35-40 moh. (Brevik 2010: 31).

FK 2: Henna gnr. 100/18. Sannsynleg steinalderbuplass, påvist ved funn av reiskap/avslag i flint, kvart og bergkrystall. Funna er i privat eige, og er ikkje registrert verken i tilvekstkatalog eller Askeladden. Funna er samanblanda med funna frå lokaliteten lenger nord. Lokaliteten ligg på nærare 50 moh. (Brevik 2010: 31).

6.1.3 Kråknes

F 6: Kråknes gnr. 101/1. Funnstad for rektangulær holøks i bergart (T 17119, ASK ID 54949). Funnstaden ligg på kring 11 moh., tett ved steinalderlokaliteten i sørvest, og høyrer moglegvis til denne. Vernestatus uavklart (Brevik 2010: ff.).

FK 3: Kråknes gnr. 101/1. Sannsynleg steinalderbuplass/-ar, “Flatø” og “Tøftene”, påvist ved funn av reiskap/avslag i flint (T 17602, T17585, ASK ID 25294). Lokalitetane ligg på 10-20 moh. Vernestatus uavklart (Brevik 2010: 54f.).



Fig. 8. Rektangulær holøks frå Kråknes. Foto: Ole Pedersen, Vitenskapsmuseet.



Fig. 9. Kråknes. Frå venstre: nordvestleg del av FK 4 på “Kongsvollen”, FK 5 ved “Langura” og FK 3 “Flatø” og “Tøftene”. Lengst til h. er funnstaden for bergartsøks og gravrøysa markert. Mot vest frå Hennset. Foto: ØE.

FK 4: Kråknes gnr.101/5 (utsk. frå bruk 1 etter funntidspunkt). Sannsynleg steinalderbuplass (-ar) på “Kongsvollen”, påvist ved funn av reiskap/avslag i flint (T 17601) i eit område på mellom 50 og 60 moh. (Støren Binns, Top. Ark.). Vernestatus uavklart.

FK 5: Kråknes gnr. 101/1. Sannsynleg steinalderbuplass, “Langura”, påvist ved funn av meisel i bergart (T 17600) og slipeplate (T 17121). Lokaliteten ligg på 25-35 moh. Vernestatus uavklart (ASK ID 25293; Brevik 2010: 36ff.).



**Fig. 10. Funn frå Kråknes, frå “Langura” oppe til venstre, resten frå “Flatø/Tøftene”.
Foto: Ole Pedersen, Vitenskapsmuseet.**

FK 6: Kråknes gnr.101/1. Gravrøys. Røysa er rekna som tapt, vernestatus uavklart. Her vart gjort funn frå jernalder: sverd, økseblad, nøkkel og delar av leirkar (funna er tapte). Området er ikkje utbygd (ASK 54950).

6.1.4 Hennset

FK 7: Hennset gnr. 103/3. Gravrøys. Røysa er rekna som tapt, vernestatus uavklart. Området er ikkje utbygd (ASK ID 45194).



Fig. 11. Rest av gravrøysa på Hennset. Mot nordvest. Foto: ØE.

6.1.5 Otnes

FK 8: Otnes gnr. 104/28. Sannsynleg steinalderbuplass. Lokaliteten ligg øvst i “Trysilåkeren”, på bruket Dalheim, påvist ved funn av ei trinnøks i bergart, pilspiss og hengesmykke i skifer, slipesteinar, fiskesøkke og reiskap og avslag i flint (T13996, T14055, T16466, T17029; ASK ID 64140). Prøvegravingar ved Brage L. Larsen i 1929. Desse viste massive kolblanda kulturlag med stor utstrekning. Truleg er beltesteinen i kvartsitt, moglegvis frå ei flatmarksgrav frå eldre jernalder, funnen i same området (T 16465). Lokaliteten ligg på 25-35 moh. Vernestatus uavklart (Brevik 2010: 38f.).



Fig. 12. Steinalderbuplass på Dalheim, Otnes. Mot sør-søraust. Foto: ØE.




Fig. 13. Funn frå Dalheim, Otnes. Foto: Ole Pedersen, Vitenskapsmuseet.

F 7: Otnes gnr. 104/28. Funnstad for beltestein i kvartsitt, moglegvis frå ei flatmarksgrav frå eldre jernalder. Truleg er funnet gjort i same området som steinalderbuplassen over (T 16465).

6.1.6 Hestnes

Hestnes gnr. 105. Gjenstandsfunn utan nærare funnstad. Enkel skaftholøks i bergart, funne ved grøftegraving (T 12282) (Brevik 2010: 74).

Hestnes gnr. 105/4. Gjenstandsfunn utan nærare funnstad. Skaftholhakke i bergart (T 2011) (Brevik 2010: 31).

F 8: Hestnes gnr. 105/4. Funnstad for pilspiss i skifer (T 20210). Staden ligg i dyrka mark 26 moh. Flint er observert i jorda lenger nordaust, nærare husa (ikkje oppsamla). Mogleg buplass (ASK ID 149332; Brevik 2010: 67).



Fig. 14. Enkel skaftholøks frå Hestnes. Foto: Ole Pedersen, Vitenskapsmuseet.

F 9: Hestnes gnr. 105/8. Funnstad for slipestein (T 19024). Funne ved arbeid på tomt til planlagt aldersheim (høgda på 50 moh i tilvekstkatalogen kan ikkje stemme).

F 10: Hestnes gnr. 105/8. Funnstad for dekorert skaftholøks i bergart (T 21527). Funnet vart gjort ved grøfting ved vegarbeid i utmark på Halsen, ved enden av Englivatnet 243 moh. (ASK ID 149339; Brevik 2010: 64f.).

F 11: Hestnes gnr. 105/8. Funnstad for trestokkar i myr. Staden ligg på djup myr på Halsen, ved enden av Englivatnet 243 moh. (ASK ID 64141).



Fig. 15. Oversynskart med traséalternativ og funnstader nemnde i teksten. Bakgrunnskart: NGU, Arealis.

6.2 Verdivurdering av faste automatisk freda kulturminne

Dei to gravrøysene lokalisert på Kråknes og Hennset er knapt synlege, og både opplevingsverdi og informasjonsverdi er såleis svekka. Likevel ligg begge i område som er lite prega av utbygging, og plasseringa deira i landskapet er i stor grad bevart. Sjølv om røysene i seg sjølv har lite informasjon, viser erfaring at det er stort potensiale for andre funn under og kring synlege gravminne. Dette kan vere både gardsbusetjing, graver utplanerte i eldre tider og såkalla flatmarksgraver som aldri har hatt varig markering på overflata. Det må også vektleggast at dette er dei einaste synlege gravminna frå førhistorisk tid i Halså kommune vest for Kjøløya. Kvar for seg er dei med å gje tidsdjupne og auke verdien til kulturmiljøet på Kråknes (K2) og Hennset (K3). I begge verkar røysene som viktige bindeledd mellom steinalderminna og dei historiske gardsmiljøa. Dei to gravminna har høg verdi.

Dei seks lokalitetane definerte som ikkje-synlege, automatisk freda steinalderbuplassar ligg alle, bortsett frå FK 8 på Otnes, i opa dyrka mark, utan større bygningar. Dette gjer at publikum får godt inntrykk av korleis buplassane låg i landskapet. Opplevingsverdiene er såleis store i eventuelle framtidige formidlingsprosjekt. Informasjonsverdet er truleg svekka av dyrkinga, men nyare granskingar av steinalderbuplassar i dyrka mark har også demonstrert at mykje kan vere intakt under dyrkingslaga (Åstveit 2008a). Buplassen på Otnes ligg inneklemt mellom to bygningar, og har slik noko svekka opplevingsverd. Her er informasjonsverdet desto høgare sidan dette er den lokaliteten med mest variert funnmateriale, og den einaste der kulturlagsavsetjingar har vore omtala. På dette grunnlaget er alle dei seks steinalderbuplassane sett til høg verdi.

Alle dei 8 førreformatoriske, faste kulturminna (FK 1-8) har høg verdi.




Fig. 16. Detaljkart, Kletten-Hennset, med førhistoriske strandnivå på 15, 30 og 55 moh., førreformatoriske kulturminne og traséalternativ markert. Rådgjevande Arkeologar, grunnlagskart og trasear frå Statens vegvesen.




Fig. 17. Detaljkart, Henneset-Hestnes, med førhistoriske strandnivå på 15, 30 og 55 moh., førreformatoriske kulturminne og traséalternativ markert. Rådgjevande Arkeologar, grunnlagskart og trasear frå Statens vegvesen.

6.3 Potensiale for funn av automatisk freda kulturminne

Med dette siktar ein til automatisk freda kulturminne som ikkje er synleg på overflata, eller lite synleg (i slik grad at dei ikkje har vorte registrerte ved tidlegare høve). Ut frå eksisterande kunnskap kan potensialet i eit fjord/kystlandskap som planområdet, noko forenkla delast i tre kategoriar:

- Buplassar/aktivitetsplassar frå steinalder knytte til samtidige strandliner.
- Buplassar/dyrkingsspor frå jordbrukande tid knytte til dyrkbar jord, gjerne dagens innmark.
- Utmarksaktivitetar frå jordbrukande tid, t.d. anlegg til framstilling av jern, trekol, tjøre, anlegg knytt til støling, osb.

Buplassar frå før jordbrukande tid er ofte lokaliserte tett ved samtidige strandliner. Spor etter jakt, fangst og fiske frå seinare periodar kan òg vere lokalisert til samtidig strand, men ein reknar potensialet for slike funn å vere mykje mindre. Jordbruket fekk truleg sitt gjennombrøt i slutten av steinalderen, kring 2000 f.Kr. (seinneolitikum) i Halså, som mange andre stader langs Norskekysten. Frå bronsealder og seinare periodar er potensialet for funn av strandbundne buplassar i området rekna som lite. I mange område kan lokaliseringsfaktorane “*solvend, sjølvdrenert, næringsrik, lett driven jord*” overlappa med “*ved sjø*”, og såleis kan jordbrukspor frå seinare periodar finnast i lag med spor frå strandbundne buplassar frå steinalder.

6.3.1 Potensiale for funn frå steinalder

Ved slutten av siste istid låg Halså under den store isbreen, pressa ned av dei store massane. Når breane så smelta i raskt tempo for 12 000 år sidan, sette smeltinga i gang ei rekkje prosessar: alt smeltevatnet gjorde til at havnivået steig, og landmassane heva seg straks dei vart kvitt vekta av breen. Me talar om eit *strandforskyvingsforløp*: meir vatn i havet, landet som heva seg i ujamnt tempo – lite ute med kysten der vekta av breen hadde vore lita, meir inst i fjordane der vekta av breen hadde vore stor. Dette gjer til at det er særst vanskeleg å fastslå kor høgt havet sto til ulike tider i den eldste delen av førhistoria – og såleis kor høgt i landskapet me bør leite etter spor av menneske som slo leir ved stranda.

Det skal seiast at strandforskyvingsforløpet for området er basert på få data. Området ligg på *isobasar* mellom 79m (Klettelva) og 90m (Kjøløya) (Svendsen og Mangerud 1987: 115). Her er laga eit diagram for *isobasen* 85m, som går midt i planområdet, ved hjelp av eit program av David N. Simpson (2001).

Dette viser at dei første menneska på Nordmøre, kring 9000 f.Kr., ville ha slege leir tett ved ei strand som låg 58 meter over dagens nivå. I løpet av den eldste steinalderen, Fosnakulturen eller tidlegmesolitikum, flytta stranda seg frå 58 moh. ned til 36 moh. Spor etter Fosnakulturen bør såleis finnast høgt i dagens landskap, i beltet 38-60 moh. og moglegvis opp mot 65 moh. Flintfunna frå den sørlegaste buplassen på Henna (FK 2) ligg på nærare 50 moh., og den sørlegaste på Kråknes (FK 4) opp mot heile 60 moh., og desse kan begge vere frå denne tida. Spor etter 1500 år med menneskeleg aktivitet, truleg små mobile jaktgrupper, kan finnast i eit høvesvis stort område – eit belte på over 20 høgdemeter. Dette er i prinsippet med på å senke funnpotensialet noko i høve til seinare periodar. Sjølv om Fosnakulturen tradisjonelt har vore sterkt knytt til ytterkysten, aukar indikasjonane på at spor etter Fosnakulturen kan finnast lenger inne på kysten og i fjordane i regionen (t.d. Stavik 2009abc). Like vest for planområdet, på Taknes, er 30 kg flint – knollar, reiskap og avslag – plukka inn på ein avgrensa lokalitet på 60 moh. (Dønheim 2010). Mest truleg er dette ein større buplass frå Fosnakulturen (tidlegmesolitikum). På dette grunnlaget er store delar av beltet 38-55 moh. sett til *høgt funnpotensiale*, resten til *middels funnpotensiale*, og beltet 55-65 moh. er også sett til *middels funnpotensiale*.




Fig. 18. Strandlinediagram. Data/diagram: Simpson 2001; periodisering: Rådgjevande Arkeologar.

Frå 7600 f.Kr. vert havnivået liggande stabilt i ein lang periode fram til 5300 f.Kr. I 2300 år låg stranda altså i ro på mellom 32-29 moh. Spor frå ein relativt lang periode kan altså vere konsentrert til eit relativt lite område, eit smalt belte like over 30 moh. Frå 5300 f.Kr. søkk havet på ny, men no i eit rolegare tempo. Etter diagrammet skal dei siste spora frå den eldre steinalderen ligge like over ei strand på 20 m over dagens nivå. Mange av funna som er gjort i planområdet er frå tida etter Fosnakulturen (mellom- og seinmesolitikum). På dette grunnlaget er store delar av beltet 20-38 moh. sett til *høgt funnpotensiale*, resten til *middels funnpotensiale*.

Ved overgangen til yngre steinalder låg stranda kring 21 moh., og rett før gjennombrøtet til jordbruket (overgangen mellom- og seinneolitikum) kring 14 moh. Særskilt lokalitetane “Flatø” og “Tøftene” på Kråknes (FK 3) indikerar at dei også kan finnast lågare i terrenget. Det kan vere fleire forklaringar på dette: a) strandlinediagrammet viser feil i denne fasen, b) funna vart ikkje funne i opphavleg kontekst (reponert t.d. av moderne dyrking), eller c) funna er rapporterte inn med unøyaktig lokalisering.

Steinalderfunna frå planområdet er oppgjevne med funnstader mellom 3 og 50 moh., og det må difor takast høgde for meir komplekse, eller avvikande, forløp enn det diagrammet viser. På dette grunnlaget er store delar av beltet 0-55 moh. sett til *høgt funnpotensiale*, resten til *middels funnpotensiale* saman med beltet opp til 65 moh.

Vidare lokaliseringfaktorar for strandbundne steinalderbuplassar er rennande ferskvatn, elveosar, gode hamner, alternative hamner, og vern mot dominerande vindretningar. Områda markert som *høgt funnpotensiale for steinalderfunn* over overlappar i stor grad med dyrka mark og såleis med område med *høgt funnpotensiale for funn frå jordbrukande tid* (sjå under). Spor frå steinalder kan sjølvstøtt og finnast høgare terrenget. I området har ein tre døme på dette tett opp til planområdet. I utmarka til Hestnes, sør for planområdet ved Englivatnet 243 moh. er funne ei dekorert skaftholøks i stein. I same området er det rapportert om funn av ein skrapar og avslag i flint (Brevik 2010: 76). Begge funna *kan* skrive seg frå bronsealder, men flintfunna kan like gjerne vere eldre. Vest for Klettelva og planområdet, på Glåmen gnr. 43/2, er det funne ein skiferpilsmiss i myr kring 75-80 moh (ASK ID 6164, Brevik 2010: 45f.). Til sist er skaftholskølla frå Kletten (F 2) funne på 75-80 moh. Her vart også observert flint.

6.3.2 Potensiale for jordbruksbusetjingar

I området kan ein vente å finne spor knytt til automatisk freda jordbruksbusetjing 2000 f.Kr. sist i steinalderen til reformasjonen 1537 e.Kr. Slike busetjingar er forventa å ligge på lett driven, godt drenert jord, i stor grad overlappende med dagens innmark. Store delar av dagens innmark og busetjing i planområdet er på dette grunnlaget sett til *høgt funnpotensiale*, resten til *middels funnpotensiale*.

6.3.3 Potensiale for spor etter utmarksaktivitetar i jordbrukande tid

Aktuelle utmarksaktivitetar knytt til gardstuna i området kan vere: anlegg til framstilling av trekol, tjøre eller jern, anlegg til dyrehald/støling, til uttak av torv og til fangst m.m.

Ved synfaring vart det gjort funn av eit stykke jernslag i ein grusvoll lengst vest i planområdet, tett aust for Klettelva, og rett sør for vegen (F 1, Fig. 3-4). Konteksten er noko uvis, men funnet gjer det verd å understreke potensiale for funn knytt til jernutvinning/-foredling. Dette potensialet synest då høgast på dei flatare myrlende områda langs trase 3.3 mellom Klettelva og Kråknes.

Sørvest for planområdet er gjort to funn av samlingar av bearbeidde trestokkar i myrer, på Gjengstøa gnr. 32/1 (ASK ID 25290), og Glåmen gnr. 43/2 (ASK ID 45193). Eit tredje funn i same kategori kjem frå Hestnes gnr. 105/8, på Halsen, ved enden av Englivatnet 243 moh. (ASK ID 64141) (jf. Fig. 15). Dette er ein påfallande høg konsentrasjon av ein sjeldsynt funnkategori. Truleg vitnar desse funna om førreformatorisk aktivitet i dagens myrlende utmark.

På dette grunnlaget er dei større samanhengande flate, myrlende utmarksområda sett til *middels funnpotensiale*, resten til *lågt funnpotensiale*.

6.3.4 Samanfatning av vurdering av funnpotensiale og vidare granskingar

I området er det gjort rike funn frå steinalder, og ei rekkje sjeldsynte funntypar er representerte. Mellom funna er heile tre hakker/køller og tre økser/meislar frå eldre steinalder, eit skifersmykke, to skiferspissar og ei rektangulær holøks frå yngre steinalder. Lokalitet FK 3 på Kråknes har stor geografisk utstrekning og lokaliteten FK 8 på Otnes har kolblanda kulturlag. *Potensialet for funn av store buplassar med innslag av eksotisk materiell kultur, etter relativt bufaste grupper frå steinalderen er klårt til stades.*

Heile to skaftholøksar i bergart, den eine dekorert, indikerer at det har vore rik busetjing i området i tidleg jordbrukande tid. Beltesteinen frå Otnes, truleg frå ei kremasjonsgrav under flatmark frå eldre jernalder, og gravrøysene på Kråknes og Hennset, viser i så måte kontinuitet gjennom jernalderen. *Potensialet for funn av komplekse kulturmiljø med stor tidsdjupne ved maskinell flateavdekking på dagens innmark er klårt til stades.*

Lokaliseringa av den eine bronsealderøksa til Englivatnet 243moh. i utmarka til Hestnes peikar mot utmarksbruk, det vere seg fangst eller ei tidleg form for støling, frå eldre jordbrukande tid. Funnet av slagge ved Klettelva og funna av tilverka trevyrke i myrene i utmarka indikerer at ein slik tidleg utmarksbruk kan ha utvikla seg til eit særst variert og mangetydig fenomen gjennom jern- og mellomalderen. Myrene og dagens tette granskog representerer derimot visse utfordringar for vidare arkeologiske granskingar.

Vegtraseen gjennom planområdet, samt andre tilknytte tiltak som rigg- og deponiområde, mellombelse deponi, anleggsvegar osv., vil kunne utløyse krav om arkeologiske granskingar (jf kml § 9, undersøkingsplikta). Forvaltingsansvar for det aktuelle planområdet ligg hjå Møre og Romsdal fylkeskommune. Kostnadsoverslag på eventuelle arkeologiske granskingar kan ikkje lagast på dette stadiet.




Fig. 19. Vurdering av funnpotensiale Kletten-Kråknes. Rådgjevande Arkeologar.




Fig. 20. Vurdering av funnpotensiale Kråknes-Otnes. Rådgjevande Arkeologar.




Fig. 21. Vurdering av funnpotensiale Otnes-Hestnes. Rådgjevande Arkeologar.


Kjelder:

- Askeladden. Nasjonal fornminnedatabase. Riksantikvaren. www.asketadden.no.
- Bjerck, H. B. 2008a: Tidligmesolittisk tid (TM) og Fosnatradisjon 9500-8000 BC. In: Bjerck, H. (ed), NTNU Vitenskapsmuseets arkeologiske undersøkelser Ormen Lange Nyhamna: 552-570. Tapir. Trondheim.
- Brevik, Kjell 2010: Løsfunn, landskap, samfunn. En kontekstuell studie av gjenstander fra senmesolitikum til eldre bronsealder i Aursundet, Arasvikfjorden og Valsøyfjorden på Nordmøre. Masteroppgåve, NTNU.
- Dønheim, O. K. 2010: Flintfunn, Taksnes. Artikkel på Kulturminneatlas.no, Møre og Romsdal fylke. <http://kulturminneatlas.avinet.no>.
- Engedal, Ø. 2006: På bølge og berg – båten i røynd og ristning. In: Barndon, R., Innselset, S.M., Kristoffersen, K. K., & Løddøen, T. K. (red), Samfunn, symboler og identitet – Festskrift til Gro Mandt på 70-årsdagen: 171-182. Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter, Nordisk 3. Bergen.
- Engedal, Ø. 2010: The Bronze Age of Northwestern Scandinavia. Upubl. avhandling til graden dr. philos.
- Håndbok 140. Konsekvensanalyser. Statens vegvesen, Vegdirektoratet 2006.
- Riksantikvaren 2003: Kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiingar.
- Ringstad, B. 1995: Fornminne i Halså kommune, foreløpig rapport om faste og lause fornminne. Møre og Romsdal Fylkeskommune.
- Simpson, D. N. 2001: Program for generering av strandforskyvingsdiagram. David N. Simpson, SFYK, Universitetet i Bergen.
- Stavik, J. 2009a: Steinalder i Sunndal. Artikkel publisert på www.nordmore.museum.no.
- Stavik, J. 2009b: Havnivået i Sunndal. Artikkel publisert på www.nordmore.museum.no.
- Stavik J. 2009c: Fosna i Fjellet. Artikkel publisert på www.nordmore.museum.no.
- Støren Binns, Brev og kart i Topografisk Arkiv, Møre og Romsdal fylkeskommune. Omhandlar eit skuleprosjekt i 1980-åra, der elevane samla inn flint på fleire av gardane i området. Kartfestinga av FK 4 på Kongsvollen er knytt opp til T 17601 i tilvekstdatabasen og kartet i arkivet. Her er tre lokalitetar markert mellom 50 og 60 moh., alle desse inngår i FK 4 i denne rapporten.
- Svendsen, J. I. og Mangerud, J. 1987: Late Weichselian and Holocene sea-level history for a cross-section of Western Norway. *Journal of Quaternary Science* 2:113-132
- Universitetsmuseenes database. www.unimus.no
- Åstveit, L. 2008a: Lokalitet 63 Litle Grynnevik. I: Bjerck (red), NTNU Vitenskapsmuseets arkeologiske undersøkelser Ormen Lange Nyhamna: 366-382. Tapir. Trondheim.
- Åstveit, L. 2008b: Mellomneolittisk tid (MN) 3300-2300 BC. I: Bjerck (red), NTNU Vitenskapsmuseets arkeologiske undersøkelser Ormen Lange Nyhamna: 592-595. Tapir. Trondheim.

6.4 Verdivurdering, omfang og konsekvens

6.4.1 K1 Steinbru over Klettaelva

Dei viktigaste hovudvegane frå Nordmøre til Trondheim på 1920-talet, følgjer ruta til den »Trondhjemske Postvei» opp Surnadalen, jfr. kart under som viser «fast automobilrute» for Surnadal Billag. Vegen frå Halse til Valsøybotn vert definert som kjerrevei. Vegforbindelse frå Valsøyfjord til Vinje kom først på 1960-talet. Bru over sundet på Valsøybotn vart bygd i 1992.



Kartutsnitt frå boka «Kjenn ditt land – Nordmøre og Kristiansund» (1925)


Dagens E39 følgjer i stor grad den gamle ferdselsvegen som viser på Amtskarta frå 1800-talet. Gardstuna ligg som strukturar knytt til denne veglinja, av og til ligg våningshus og driftsbygning på kvar si side av vegen. Veglinja har blitt oppgradert opp gjennom åra, og nokre stadar har den blitt retta opp eller justert. Over Klettaelva er vegen lagt litt om og det har kome ny bru. Den gamle mura steinbrua står att ved siden av. Her er det etbalert ein rasteplass, og ein har på denne måten tilrettelagt for å sjå og studere eit fint byggverk og kulturminne.



Steinkvelvsbru over Klettaelva. Foto GMS.

Verdivurdering:


Steinkvelvsbrua over Klettaelva er ein viktig del av veghistoria og viser gamal byggeskikk knytt til vegaenlegg. Brua er truleg bygd på slutten av 1800-talet (byggeår ikkje kjent).



ALTERNATIV 1

Omfang

Veglinja følger i hovudsak eksisterande veg. Ved kryssing av Klettaelva er det lagt opp til fylling i staden for å krysse elva med bru.



Konsekvens

Veglinja, med planlagde fylling Klettaelva, vil redusere den historiske samanhengen knytt til gamalt vegfar og kryssing av elva. Fylling av elva i nærområdet til den gamle steinbrua vil ta bort noko av opplevingsverdien knytt til kulturminne med tilhøyrande naturleg landskap.

Konsekvens: Middels negativ konsekvens (- -)

ALTERNATIV 2 - Som Alternativ 1.

ALTERANTIV 3 - Som Alternativ 1.

Avbøtande tiltak

Vi vurderer steinkvelvsbrua som eit av dei viktige kulturminna i planområdet, som i lokal samanheng har høg verneverdi. Ein bør vurdere om det er mogeleg å krysse elva med bru i staden for fylling.

6.4.2 K2 Kulturlandskap Henna

Garden Henna (GNR.100) ligg lunt til mellom skogklede åsar, med nærleik til fjorden og ein open og frodig dal – Hennadalen – mot sør. Dei tidlegaste ferdselsvegane herifrå har truleg vore vestover mot eidet til Vågland ved Skålvikfjorden, eller innover Hennadalen og over til Englivatnet og Engan ved Valsøyfjorden i aust. Garden Henna er første gong nemnt i Olav Engelbrektsens jordebok frå 1530-åra, då låg garden aude men var bygsla bort. I 1614 fekk Christen Trane frå Stavangerkanten bygsel på garden og starta trelasthandel frå eige sagbruk. I tillegg til saga på Henna, sikra han seg drift av saga i Ørbogen i Imarsundet, på motsett side av Arasvikfjoren. Det var tilsett eigen sagmeister og drengar som berre dreiv med sagdrift. Saman med Engan, var sagbruket på Henna av dei større sagbruka på Nordmøre på 1600-talet.


Trelasthandelen på Nordmøre var den som gav desidert mest inntekt i Tronheims len. For dei som hadde fått kongeleg løyve til å drive sag, var dette ei sær s lønsam næringsverksemd . På slutten av hundreåret gjekk verksemda sterkt tilbake, mest grunna rovdrift og mangel på trevirke.



Kulturlandskap og naustmiljø i Henna/Henden-bygda. Foto: GMS

Verdivurdering:


Henna-bygda har ei rik kulturhistorie, spesielt knytt til sagbruksdrift på 16-1700-talet.. Det er ikkje registrert eller dokumentert plassering av oppgangssag med tilhøyrande anlegg, men den må ha stått ved Hennaelva. Sagbruksdrift, saman med god tilgang på ressursar både ved fjorden og i Hennadalen, har gitt grunnlag for busetnad langt attende i tid. Det er og registrert fleire lausfunn i området, jfr. kap 5.1.2 Henna, og potensiale for å fleire funn av automatisk freda kulturminne er høg i området. Ståande enkeltbygningar, spesielt våningshus, har høg alder og fleire med høg autensitet. Kontinuitet og framleis aktivt jordbruk held kulturlandskapet i hevd. Samla sett utgjer dette eit heilskapeleg kulturlandskap med middels til stor verneverdi.



ALTERNATIV 1

Omfang

Veglinja følgjer i hovudsak eksisterande veg gjennom kulturlandskapet, men med kurveavrettingar like før ein kjem inn i Henna-bygda frå aust og ei ny kurveoppretting i området over Hennaelva. Den nye veglinja vil medføre større fyllingar på nedsida av vegen i kryssing av bekkeløp ved garden Henna og over Hennaelva.



Konsekvens

Veglinja, med planlagde fylling over Hennaelva, vil redusere den historiske samanhengen knytt til elva og tidlegare historisk sagbruksdrift. Vi kjenner ikkje til lokaliseringa av oppgangssaga som har stått her, men elva representerer ressursen til dette kulturminnet, som har vore viktig i ein større regional samanheng. Fylling på nedsida av vegen ved garden Henna vil og øydelegge den gamle vegen ned til naustmiljøet ved fjorden og dermed ein del av det historiske kulturlandskapet.

Konsekvens: Middels negativ konsekvens (- -)

ALTERNATIV 2 - Som Alternativ 1.

ALTERNATIV 3 - Ligg i hovudsak utanfor influensområdet, men kryssar stølsvegen til Hennadalen.

Konsekvens: Liten negativ konsekvens (-)

Avbøtande tiltak


Hennabygda har ei rik kulturhistorie og eit heilskapeleg kulturlandskap, som i lokal samanheng er vurdert til å ha middels til høg verneverdi. Det bør vurderast alternativ løysing med terrengmurar og bru, for å redusere noko av dei negative konsekvensane for opplevinga av kulturlandskapet med naturlege bekkefar og elveløp.

6.4.3 K3 Steinalderbuplassar Henna (Myrstad)

Henna (Myrstad), Gbnr. 100/18. Sannsynleg steinalderbuplass, påvist ved funn av reiskap/avslag i flint, kvart og bergkrystall.

Verdivurdering:


Steinalderokalitetane er definerte som ikkje-synlege, automatiske freda steinalderbuplassar og ligg i opa dyrka mark, utan større bygningar. Dette gjer at publikum kan få godt inntrykk av korleis buplassane låg i landskapet. Opplevingsverdien er såleis store i eventuelle framtidige formidlingsprosjekt. Informasjonsverdet er høgt.



ALTERNATIV 1

Omfang

Veglinja følger i hovudsak eksisterande veg. Steinalderbuplassane er lokalisert på oppsida av garden Myrstad, som ligg godt tilbaketrekt frå vegen. Kulturminna med tilhøyrande kulturlandskap kjem ikkje i berøring med tiltaket.



Konsekvens

Ligg utanfor influensområdet. Ingen konsekvens.

Konsekvens: Ubetydeleg (0)

ALTERNATIV 2 - Som Alternativ 1

ALTERNATIV 3 - Som Alternativ 1.

6.4.4 K4 Kulturmiljø Kråknes


Kulturlandskapet på Kråknes inneheld både automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid. Det er registrert gravminne på Tangen og større flater er registrert som steinalderbuplassar; «Flatø» og «Tøftene». På neset ligg eldre bygning tilknytta Kråknes laksevorpe; historia knytt til denne fangsmetoden er ein sær s viktig del av tidlegare næringsinntekt på gardane. Garden Kråknes (GBNR. 101/1) har SEFRAK-registrert våningshus og stabbur (begge 1700-talet), driftsbygning bygd etter 1900. Våningshuset har vindu av nyare dato og har difor mista noko av sin autentiske karakter, men tunet som heilskap er halde godt vedlike.



Garden Kråknes GBNR. 101/1. Foto: GMS

Verdivurdering:


Kråknes er eit av fire markerte nes/landemerke i planområdet og bukta aust for neset er oppført som ankringsplass/god hamn. Området er rik på mange ulike kulturminne med stor tidsdjupne. Samla sett utgjer dette eit heilskapeleg kulturmiljø med stor verneverdi.



ALTERNATIV 1

Omfang

Veglinja, frå pel 4100 til pel 4900, følgjer ikkje eksisterande veglinje rundt neset, men har ei avretting med ny tunnell under Skarphaugen. Eksisterande veg vil framleis nyttast som tilkomstveg til området, men berre avkøyring ved Hendset ferjekai. Kulturmiljøet vil ligge utanfor influensområdet for ny veglinje og tiltaket vil ikkje endre den historiske samanhengen til kulturmiljøet.



Konsekvens

Omlegging i tunnell vil medføre at opplevinga av kulturminna sett frå veg vert redusert, medan disponering av kulturminne (spesielt våningshus) vil få ein positiv verknad grunna redusert støy, luftforurensing og betre trafikktryggleik.

Konsekvens: Ubetydeleg (0)

ALTERNATIV 2

Som Alternativ 1, berre at her går ikkje veglinja i tunnell, men tilbaketrekt opp i skogbelt et.

ALTERANTIV 3 - Ligg utanfor influensområdet. **Ingen konsekvens.**

6.4.5 K5 Steinalderbuplassar Kråknes (Kongsvollen og Langura)


Sannsynleg steinalderbuplass (-ar) på gnr. 101/5 “Kongsvollen”, påvist ved funn av reiskap/avslag i flint. Lokalitetane er definert som tre ulike funnstadar og ligg i øvre del av innmarksområde på mellom 50 og 60 moh.

Sannsynleg steinalderbuplass på gnr.101/1/gnr.101/5 “Langura”, påvist ved funn av meisel i bergart og slipeplate. Lokalitetane er definert som tre ulike funnstadar og ligg på 25-35 moh.



Verdivurdering:

Steinalderokalitetane er definerte som ikkje-synlege, automatiske freda steinalderbuplassar og ligg i opa dyrka mark, utan større bygningar. Dette gjer at publikum kan få godt inntrykk av korleis buplassane låg i landskapet. Opplevingsverdien er såleis store i eventuelle framtidige formidlingsprosjekt. Informasjonsverdet er høgt.




ALTERNATIV 1 - Ligg utanfor influensområdet, sidan veglinja går i tunnell under kulturminna. Ingen konsekvens.

ALTERNATIV 2

Omfang

Veglinja følgjer ny trasèlinje frå Myrstad og stig oppover i skogbeltet og ligg på kring 65-70 moh i området forbi steinalderbuplassane, vekselvis med skjering og fylling. Vegen er planlagt nær kulturminna, men ikkje i direkte konflikt.



Konsekvens

Veglinja ligg i eit område med funn av sannsynlege steinalderbuplassar. Potensiale for å finne fleire kulturminne er høg. Vegtrasèen sitt inngrap i landskapet vil påverke inntrykket av korleis buplassane låg i landskapet, og dermed svekke kulturminna med naturlege omgjevnader.

Konsekvens: Middels negativ konsekvens (- -)

ALTERANTIV 3 - Ligg utanfor influensområdet. **Ingen konsekvens.**

6.4.6 K6 Gardstun Krogneshugen


SEFRAK-registrert bygningsmiljø på gardstunet Krogneshugen, Gbnr. 101/2. Oppført på slutten av 1800-talet, bustadhus i sveitserstil. Bustadhus og naust ligg på nedsida av hovedvegen, medan fjøs står på oppsida (dette står no på Gbnr. 101/15). Bustadhus er rehabilitert, hagen modernisert. Bygningar og eigedomen er halde i god stand.



Gardstunet Krogneshugen frå slutten av 1800-talet. Foto: GMS

Verdivurdering:


Bygningsmiljø i opphavleg kontekst. Naust og fjøs med opphavleg karakter. Bustadhus og hage har mindre grad av autensitet grunna rehabilitering/modernisering.



ALTERNATIV 1

Omfang

Veglinja går i ny tunnell under Skarphaugen og kjem ut ved pel 4800, like ovanfor gardstunet Krogneshugen. Nytt kryss ved Hendset ferjekai som vert kopla til eksisterande veg, som framleis vil nyttast som tilkomstveg til bygningsmiljø i området. Ingen gjennomkøyring. Tiltaket vil medføre at fjøs på oppsida av vegen må rivast.



Konsekvens

Tiltaket som medfører riving av fjøsbygning vil endre på heilskapen til kulturmiljøet og den historiske verdien vil bli redusert.

Konsekvens: Middels negativ konsekvens (- -)

ALTERNATIV 2 - Ligg utanfor influensområdet. **Ingen konsekvens.**

ALTERNATIV 3 - Ligg utanfor influensområdet. **Ingen konsekvens.**

6.4.7 K7 Kulturmiljø Hennset


Kulturlandskapet på Hennset inneheld både automatisk freda kulturminne og kulturminne frå nyare tid. På Hendsethøgda er det registrert gravminne frå bronsealder/jernalder. På neset ligg to SEFRAK-registrerte gardstun med våningshus og fjøs/ruin av fjøs (1700-talet og 1800-talet), med tilhøyrande naustmiljø. Gardstun med opphavleg karakter og høg grad av autensitet.



Gardstun på Hennset med bygningar frå 17-1800-talet. Foto: GMS

Verdivurdering:


Hennset er eit av fire markerte nes/landemerke i planområdet og inneheld Gravminne og gardsmiljø med autentisk karakter.



ALTERNATIV 1

Omfang

Veglinja går i hovudsak langs eksisterande veglinje Alternativ 0, med mindre kurveavretting. Veglinja går i ytterkant av kulturmiljøet, som er definert av kulturminne/kulturlandskap.



Konsekvens

Tiltaket har ikkje direkte påverknad på kulturmiljøet. Tiltaket vil ikkje medføre endringar på heilskapen til kulturmiljøet og den historiske verdien vil ikkje bli redusert.

Konsekvens: Ubetydeleg (0)

ALTERNATIV 2 - Ligg utanfor influensområdet. **Ingen konsekvens.**

ALTERANTIV 3

Veglinje for alternativ 3, inkludert to alternative forslag til tilkomstveg/kryss til Hennset, ligg utanfor influensområdet. **Ingen konsekvens.**

6.4.8 K8 Gardstun Oppistuå


Gardstun med tilhøyrande naustmiljø, SEFRAK-registrert våningsshus frå slutten av 1800-talet. Tradisjonell «Trønderlån» med opphavleg karakter. Ligg som ein del av heilskapen av landskapet med Hennset og øyane utanfor. «Kane» laksevorpe ved sjøen, aust for tunet.



Gardstunet Oppistuå med våningsshus frå slutten av 1800-talet. Utsikt mot Otnes med kyrkja som landemerke. Foto: GMS

Verdivurdering:


Bygningstiljø i opphavleg kontekst. Gardstunet ligg nær vegen, noko som har vore ei naturleg plassering frå gammalt av då bebyggelsen låg langs den gamle bygdevegen. Etterkvart som trafikkmengde og fart har auka har vegen blitt ein negativ faktor for bygnings- og miljøljø.



ALTERNATIV 1

Omfang

Veglinja går i hovudsak langs eksisterande veglinje Alternativ 0. Nødvendig utviding av veg vert i hovudsak lagt på motsett side av gardstunet.



Konsekvens

Vegen er eit strukturerande element for gardstunet i ein historisk samanheng. Ei modernisering og utviding av vegen vil endre noko på denne samanhengen og den historiske verdien vil bli redusert. Nærleik til veg vil ha negative konsekvenser med omsyn til bruk/verdi av kulturminne (spesielt våningsshus) grunna auka støy, luftforurensing og trafikkfare.

Konsekvens: Liten negativ konsekvens (-)

ALTERNATIV 2 - Ligg utanfor influensområdet. **Ingen konsekvens.**

ALTERNATIV 3 - Ligg utanfor influensområdet. **Ingen konsekvens.**

6.4.9 K9 Otnes


Otnes er eit større heilskapeleg kulturmiljø, med Otnes kyrkje som viktig landemerke, eldre gardstun og bygdesenteret som vaks fram kring damskipskaia «Otnesbryggja», landhandel m.v. Området ved sjøen har og eit spesielt fint naustmiljø. Store delar av bygningsmiljøet ved sjøen er regulert til bevaring i Reguleringsplan for Otnesbukta (1994).



Otnes som bygdesenter med eit heilskapeleg bygningsmiljø. Foto: GMS

Verdivurdering:


Heilskapeleg bygningsmiljø med opphavleg karakter. Landhandelen på Otnesbryggja og mange naust har framleis høg grad av autensitet. Otnes kyrkje og kyrkjegard er eit viktig kulturminne og er med si plassering på eit høgdedrag eit viktig landemerke frå fleire retningar i området.



ALTERNATIV 1

Omfang

Veglinja, frå pel 7300 til pel 8000, følgjer ikkje eksisterande veglinje rundt neset, men har ei avretting med ny tunnell under Lønningen. Eksisterande veg vil framleis nyttast som tilkomstveg til Otnes, men med ny avkøyning/kryss ved Gbnr 104/6. Ny avkøyning/kryss medfører at ein bygning må rivast. Denne ligg innanfor område regulert til bevaring, men er ikkje SEFRAK-registrert. Kulturmiljøet vil i hovudsak ligge utanfor influensområdet for ny veglinje. Tiltaket vil ikkje ha vesentleg verknad på den historiske samanhengen til kulturmiljøet.



Konsekvens

Vegen forbi Otnes (bygningsmiljø ved Otnesbryggja) er også tidlegare lagt om, slik at 0-alternativet allereie i dag går utanom bygdesenteret ved sjøen. Omlegging av veg i tunnell vil medføre at oppleving av delar av kulturminna sett frå veg vert redusert. Bruk av kulturminna vil få ein positiv verknad grunna redusert støy, luftforurensing og betre trafikktryggleik.

Konsekvens: Liten negativ konsekvens (-)

ALTERNATIV 2 - Ligg utanfor influensområdet. **Ingen konsekvens.**

ALTERANTIV 3 - Ligg utanfor influensområdet. **Ingen konsekvens.**

6.4.10 K10 Gardstun Otnes Gbnr. 104/6


Gardstun, SEFRAK-registrert våningshus med kjerne frå slutten av 1600-talet og stabbur frå 1800-talet. Ligg som ein del av eit heilskapeleg landskap/kulturlandskap kring Otnesbukta.



Gardstun på Otnes, Gbnr.104/6, våningshus med kjerne frå 1600-talet. Foto: GMS

Verdivurdering:


Bygningsmiljø i opphavleg kontekst. Tradisjonell «Trønderlån», vesentleg endra karakter med fasaderehabilitering og tilbygg i vinkel. Gardstunet ligg nær vegen, noko som har vore ei naturleg plassering frå gammalt av då bebyggelsen låg langs den gamle bygdevegen. Etterkvart som trafikkmengde og fart har auka har vegen blitt ein negativ faktor for bygnings- og bumiljø.



ALTERNATIV 1

Omfang

Veglinja går i hovudsak langs eksisterande veglinje Alternativ 0. Nødvendig utviding av veg vert lagt i senterlinje veg. Ny avkøyring/kryss til Otnes kjem tett inn på bruk 6. Kulturmiljøet vil i hovudsak ligge utanfor influensområdet for ny veglinje. Tiltaket vil ikkje ha vesentleg innverknad på den historiske samanhengen til kulturmiljøet.



Konsekvens

Vegen er eit strukturerande element for gardstunet i ein historisk samanheng. Ei modernisering og utviding av vegen vil endre denne samanhengen og den historiske verdien vil bli redusert. Nærleik til veg vil ha negative konsekvenser med omsyn til bruk/verdi av kulturminne (spesielt våningshus) grunna auka støy, luftforurensing og trafikkfare.

Konsekvens: Liten negativ konsekvens (-)

ALTERNATIV 2 - Ligg utanfor influensområdet. Ingen konsekvens.

ALTERANTIV 3 - Ligg utanfor influensområdet. Ingen konsekvens.

6.4.11 K11 Gardstun Otnes Gbnr. 104/10


Gardstun med tilhøyrande naust, SEFRAK-registrert våningshus i Empirestil og driftsbygning, begge frå tidleg 1800-tal.



Gardstun på Otnes, Gbnr.104/10,våningshus og driftsbygning tidleg 1800. Foto: GMS

Verdivurdering:


Bygningsmiljø i opphavleg kontekst og med høg grad av autensitet. Tradisjonell «Trønderlån» i Empirestil. Gardstunet ligg nær vegen, noko som har vore ei naturleg plassering frå gammalt av då bebyggelsen låg langs den gamle bygdevegen. Etterkvart som trafikkmengde og fart har auka har vegen blitt ein negativ faktor for bygnings- og bumiljø. Vanskeleg/dårleg avkøyrsløse.



ALTERNATIV 1

Omfang

Veglinja (Pel 8500-8600) får ei lita avretting forbi gardstunet og vil difor bli lagt lenger vekk frå kulturmiljøet enn dagens Alternativ 0. Kulturmiljøet vil i hovudsak ligge i utkanten av influensområdet for ny veglinje. Tiltaket vil ikkje ha vesentleg innverknad på den historiske samanhengen til kulturmiljøet.



Konsekvens

Vegen er eit strukturerande element for gardstunet i ein historisk samanheng. Ei modernisering og utviding av vegen vil endre denne samanhengen og den historiske verdien vil bli noko redusert. Litt større avstand til veg vil ha positive konsekvenser med omsyn til tilkomst/bruk/verdi av kulturminne (spesielt våningshus) grunna redusert støy, luftforurensing og trafikkfare.

Konsekvens: Liten positiv konsekvens (+)

ALTERNATIV 2 - Ligg utanfor influensområdet. Ingen konsekvens.

ALTERNATIV 3 - Ligg utanfor influensområdet. Ingen konsekvens.

6.4.12 K12 Bygningssmiljø Hestnessletta, «Klokkargården»


Fleire SEKRAK-registrerte bygningar som opphavleg har vore små gardsbruk, men som i seinare tid er fortett i bustadområde «Klokkargården».



Opphavlege gardstun frå 1800-talet i bustadområde «Klokkargården». Foto: GMS

Verdivurdering:


Bygningssmiljø som ikkje lenger står i opphavleg kontekst, grunna fortetting av nytt bustadområde. Enkeltbygningar med relativ høg grad av autensitet, spesielt driftsbygningane.



ALTERNATIV 1

Omfang

Veglinja (Pel 9000-9500) følgjer dagens Alternativ 0, men med breiddeutviding og ny gang/sykkelveg til kryss mot Valsøyfjord. Tiltaket vil ikkje ha vesentleg verknad på den historiske samanhengen til kulturmiljøet.



Konsekvens

Dei gamle gardstuna er fortetta av nyare bustadar og den kulturhistoriske verdien er redusert. Dagens veglinje er ikkje spesielt knytt til dei gamle gardstuna og ny utviding av vegen vil ikkje redusere kulturminneverdien ytterlegare. Nærleik til veg vil ha negative konsekvenser med omsyn til tilkomst/bruk/verdi av kulturminne (spesielt våningshus) grunna auka støy, luftforurensing og trafikkfare.

Konsekvens: Liten negativ konsekvens (-)

ALTERNATIV 2a_3a – Som ALT 1.


ALTERNATIV 2b og 2c

Omfang

Veglinja (Pel 9000-9500) er lagt i bakkant av bustadområdet og skjerer seg delvis inn i terrenget rett bak bustadområdet, men skrånar ned igjen mot Alternativ 0 og går inn på denne igjen ved pel 9700. Tiltaket vil medføre at to bygningar må rivast, det eine er eit SEFRAK-registrert bustadhus frå slutten av 1800-talet. Med unntak av dette vil ikkje tiltaket ha vesentleg verknad på den historiske samanhengen til kulturmiljøet.



SEFRAK-registrert bustadhus frå slutten av 1800-talet må rivast. Foto: GMS



Konsekvens

Dei gamle gardstuna er fortetta av nyare bustadar og den kulturhistoriske verdien er redusert. Bustadhuset som må rivast er modernisert/rehabiliterert og har noko redusert kulturminneverdi, men ein relativ høg bruksverdi. Tiltaket vil ikkje ha vesentleg verknad på kulturmiljøet som heilskap, men stor verknad for kulturminne som går tapt. Veglinje lagt bak bustadområde vil forsterke kulturhistorisk samanhengen mellom gardstun/bygningsmiljø og bruk av sjøen/naustmiljø. Veglinje lagt bak bustadområde vil redusere negative miljøkonsekvensar (støy, luftforurensing og trafikkfare.

Konsekvens: Liten negativ konsekvens (-)

ALTERANTIV 2 og 3b_c - Ligg utanfor influensområdet. Ingen konsekvens.

6.4.13 K13 Gardstun Hestnes Gbnr. 105/1


Gardstun med tilhøyrande naust. SEFRAK-registrert våningshus og farverhus. Stort våningshus, type «Trønderlån» med delar frå 1600-talet. Nyare driftsbygningar.



Gardstun Hestnes med våningshus der delar kan vere frå slutten av 1600-talet. Farverhus frå midten av 1800. Foto: GMS

Verdivurdering:


Eit av dei få gardstuna innanfor planområdet, der fleire av uthusa er bevart med sin opphavlege karakter; stabbur og farverhus. Våningshuset er rehabilitert; det er sett inn nye to-fags vindu, relativt nytt tegltak og mindre tilbygg. Dei nyare, moderne driftsbygningane er halde i ein tradisjonell farge, dette ligg eksponert mot sjøen. Tunet ligg fint i landskapet.



ALTERNATIV 1

Omfang

Veglinja (Pel 9700-10000) følgjer tilnærma dagens Alternativ 0. Veglinja ligg i randsona av influensområdet til Kulturmiljøet. Det er utarbeidd to alternative kryss for tilkopling til ny/gammel veglinje og avkøyning mot Valsøyfjord ved pel 9600-9700 (ALT 2). Tiltaket vil ikkje ha vesentleg innverknad på den historiske samanhengen til kulturmiljøet.



Konsekvens

Tiltaket har ikkje direkte påverknad på kulturmiljøet. Tiltaket vil ikkje medføre endringar på heilskapen til kulturmiljøet og den historiske verdien vil ikkje bli redusert.

Konsekvens: Ubetydeleg (0)

ALTERNATIV 2 – Som alternativ 1. Ingen konsekvens.

ALTERANTIV 3 – Som alternativ 1. Ingen konsekvens.

7 Samla konsekvens for tiltaket

	Lokalitet	ALT 1	ALT 2	b	c	ALT 3	b	c
K1	Steinbru Klettelva	--	--			--		
K2	Kulturmiljø Henna	--	--			-		
K3	Steinalderbuplassar Henna, Myrstad	o	o			o		
K4	Kulturmiljø Kråknes	o	o			o		
K5	Steinalderbuplassar Kråknes, Granly	o	--			o		
K6	Gardstun Krognesbugen	--	o			o		
K7	Kulturmiljø Hennset	o	o			o		
K8	Gardstun Hennset, Oppistua	-	o			o		
K9	Kulturmiljø Otnes	-	o			o		
K10	Gardstun Otnes, Gbnr.104/6	-	o			o		
K11	Gardstun Otnes, Gbnr.104/10	+	o			o		
K12	Bustadområde "Klokkargarden"	-	-	-	-	o	-	-
K13	Gardstun Hestnes	o	o			o		
	Samla konsekvensvurdering	-	o/-	-	-	o	-	-
	Rangering	3	2			1		


Alterantiv 0 – dagens vegtrasè – følgjer den gamle bygdevegen langs fjorden. Mange gardar er plassert langs bygdevegen og den er difor eit historisk strukturerte element. Modernisering av vegen over tid gjer at kulturminneverdien har blitt redusert. Vegen har ikkje blitt vurdert som eige kulturminne/kulturmiljø, men som ein viktig del av vurderinga av kulturmiljøa knytt til den.

Mange av dei utvalde kulturmiljøa ligg mellom eksisterande veglinje – Alternativ 0 – og sjøen. Dei alterantive tiltaka for nye veglinjer vil såleis ligge i randsona av kulturmiljøa, eller heilt tilbaketrekt frå dei. Det er difor få registrerte kulturminne med høg verneverdi som er i direkte konflikt med tiltaka, men tiltaka kan verke inn på opplevinga av kulturminna som del av eit heilskapeleg kulturlandskap/kulturmiljø.

ALT 1 ligg i hovudsak langs eksisterande vegtrasè og kjem difor i berøring med fleire kulturmiljø som er strukturert langs vegen. To SEFRAK-registrerte bygningar må rivast, men ingen har spesiell høg verneverdi. Elles er hovudvekta for alternativet liten til middels negativ konsekvens, i hovudsak fordi tiltaket endrar landskapet og dermed opplevinga av kulturminna. Luftforurensing og støy kan og ha negativ verknad på kulturminne, dette er og teke med i ei samla vurdering av konsekvens for kvart kulturmiljø, spesielt gardstun med våningshus. ALT 1 er rangert som nr.3, d.v.s. det alternativet med flest negative konsekvensar.


ALT 2 er lik ALT 1 forbi Henna-bygda, men går etterpå i ein trasè lenger opp i åssida. ALT 2 har stor negativ konsekvens ved pel 4400, då tiltaket kjem nær innpå registrerte steinalderbuplassar med høg verdi. På slutten av trasèen er det ulike variantar for vegtrasèane framom eller bakom bustadområdet «Klokkargarden». Kulturmiljøet Klokkargarden er vurdert til å ha liten verdi som heilskap og vi har og vekta konsekvensane for dei altanative veglinjene forbi området likt – liten negativ konsekvens. Samla sett har ALT 2 mindre negative konsekvensar enn ALT 1 og er difor rangert som nr. 2.

ALT 3 ligg i hovudsak utanfor influensområda til dei utvalde kulturmiljøa, men unntak av kulturmiljø K1 Steinbru Klettelva og K12 Bustadområde Klokkargarden. ALT 3 har minst negative konsekvensar og vert rangert som nr.1.




**VERDIVURDERING
Kulturmiljø**

- Liten verdi
- Liten til middels verdi
- Middels verdi
- Middels til stor verdi
- Stor verdi
- Ikke undersøkt




1 : 10000 (A4)

nordplan



Galfen



Vatsøyfjorden

K9

K10

K11

K13

ALT 1

ALT 2a b
ALT 3a b

ALT 2c
ALT 3c

ALT 2a
ALT 3a

ALT 2b_c
ALT 3b_c

Garnberget

Lenningen

Treidalsnøva

Bardalen

Reinstiura

Heimsetra

Tverrlia

Sørsthaugen

Storhaugen

Kjaløya

Hestnesstrømen

Hestnes

Bjørkvågen

Orøyen

Ørneplasse

Kvennhusmyra

Østengen

Trollhogstikka

VERDIVURDERING Kulturmiljø

- Liten verdi
- Liten til middels verdi
- Middels verdi
- Middels til stor verdi
- Stor verdi
- Ikke undersøkt

0 100 200 300
1 : 10000 (A4)
nordplan

